

Årsrapport 2025

Illustrasjoner: Trond Kulterud, HAN SOM TEGNER

Layout og trykk: Aksell.no

Grunnlagsdata for tal og statistikk i årsrapporten finn du på nettstaden vår: www.lottstift.no

Innhald

1	Del 1 Oppsummering	4
	Direktøren si innleiing	4
2	Del 2 Introduksjon	6
	Dette er Lotteri- og stiftelsestilsynet	6
3	Del 3 Aktivitetar og resultat	12
	Slik jobbar vi for at færre skal oppleve speleproblem	12
	Slik jobbar vi for at det skal bli enklare å drive frivilligheit	24
	Slik jobbar vi for at stiftelsane skal tene sine formål	37
4	Del 4 Styring og kontroll	53
	Styring og kontroll i verksemda	53
5	Del 5 Framtidsutsikter	68
	Vurdering av framtidsutsikter	68
6	Del 6 Årsrekneskap	70
	Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen	70
	Kontantrekneskapen	72
	Løyvingsrapportering	73
	Artskontorapportering	76
	Verksemdsrekneskapen	77
	Resultatrekneskap	80
	Balanse	81

Direktøren si innleiing

2025 har vore eit år prega av alvorlege tilsynssaker i Norsk Tipping. Som tilsyn har vi sett svært alvorleg på dei feila som har dukka opp. Vi har prioritert å bruke store ressursar på å gå grundig inn i desse sakene.

I 2025 har vi gitt Norsk Tipping til saman 117 millionar kroner i lovbrotsgebyr, fordelt på fire saker. Vi vil særleg trekke fram feila i trekningssgrunnlaget for Eurojackpot som alvorleg. Det at desse feila gjentok seg i den nasjonale supertrekninga, trass i forsikringar om at selskapet hadde kontroll, ser vi på som svært alvorleg. Vi ser positivt på at Norsk Tipping har tatt rapportane våre på alvor og sjølv gått grundig inn i systemsvikten og årsakene til feila.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har prioritert arbeidet med nye krav til testing av dei store lotteriana. Dette kan bidra til betre tilsyn og kontroll, og det er eit arbeid som skal halde fram i 2026.

I 2025 har vi særleg sett søkelyset på den alvorlege utviklinga blant unge spelarar i grenselandet mellom dataspel og pengespel. Norsk Tipping melder om at unge kjem til dei som erfarne spelarar av høgrisikospel.

Barne- og ungdomsundersøkinga vi presenterte i november 2025, gav viktig og ny kunnskap om samanhengen mellom dataspel og pengespel. I samarbeid med Medietilsynet og Forbrukartilsynet har vi gått grundig inn i denne problemstillinga og sett på rekkevidda av eksisterande regelverk. Vi har også fått i oppdrag å greie ut regulering av lootboksar og andre pengespel-liknande element i dataspel.

Stiftelsestilsynet feira 20-årsjubileum i 2025 med eit særst vellukka arrangement der vi sette søkelyset på stiftelsar si viktige rolle i ei uroleg verd. Vi merkar tydeleg auka interesse i samfunnet for stiftelsar sitt bidrag til å sikre langsiktig norsk eigarskap av sentrale samfunnsfunksjonar som forskning og media.

Elles har året vore prega av ein stor auke i talet på søknader om vedtektsendringar. Dette har samanheng med kravet om STI i namnet og kravet om kjønnsaman-
setting i styret. Søknadsauken har ført til behov for ekstra prioritering av denne saksbehandlinga.

Avdeling for frivilligheitsstøtte held fram arbeidet med å forenkle for frivillig sektor. Vi overtok ansvaret for tilskudd.no i 2025 og jobbar målretta med å auke den tekniske kvaliteten og datakvaliteten. Tilskudd.no er eit viktig verktøy for å bygge og formidle kunnskap om støtteordningar for frivilligheita. Vi er stolte over å drive ei løysing som får svært gode tilbakemeldingar.

1

Vi har også digitalisert og revidert rettleiaren *Forenkling av statlege tilskotsordningar for frivillige organisasjonar*. Samstundes har vi gjennomført ei rekordstor utbetaling av momskompensasjon.

Statsorganet Lotteri- og stiftelsestilsynet har eksistert i 25 år. På dei åra har vi bygd opp eit sterkt tilsyn for pengespel og stiftelsar, samtidig som vi med avdelinga for frivilligheitsstøtte har bygd opp ei avdeling med direktoratsfunksjonar. Vi er ein sentral kunnskapsprodusent på alle dei tre fagområda, og som direktør er eg stolt over å sjå korleis vi har bygd opp og utvikla sterke fagmiljø i Førde.

Oppsummert er mi vurdering at vi når måla våre på alle våre område på ein tilfredsstillande måte.



Førde, 13. mars 2026

Atle Hamar
direktør

Dette er Lotteri- og stiftelsestilsynet

Lotteri- og stiftelsestilsynet jobbar målretta for at det skal bli enklare å drive frivilligheit, at færre skal oppleve speleproblem, og at stiftelsane skal tene formåla sine.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kultur- og likestillingsdepartementet og har sidan oppstarten i 2001 halde til i Førde i Sunnfjord. Tilsynet er staten sitt forvaltningsorgan på områda pengespel, stiftelsar og frivilligheit. Dei tre områda har felles stabsfunksjonar og direktør.

Lotteritilsynet fører tilsyn og kontroll med dei statlege pengespela for å sikre at dei held seg innanfor rammene som gjeld for ansvarlege pengespel. Vi jobbar også for å sikre at aktørar som driv ulovleg, ikkje skal få fotfeste. Vi arbeider med å hindre kampfiksing og manipulering av idrettskonkurransar, og vi følger opp kvitvaskingslova på lotteri- og pengespelfeltet. Lotteritilsynet sørger for at spelemidlar frå dei regulerte aktørane kjem det norske samfunnet og frivilligheita til gode.

Lotteritilsynet forvaltar også ordninga med momskompensasjon både for frivillige lag og organisasjonar og for bygging av idrettsanlegg. I tillegg forvaltar vi straumstøtte til frivillige lag og organisasjonar, tilskot til frivilligsentralar og tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå speleoverskotet til Norsk Tipping. Vi er dessutan tilsynsorgan for Grasrotandelen.

Stiftelsestilsynet fører tilsyn og kontroll med norske stiftelsar for å sikre at dei driv lovleg og i tråd med formåla. Vi rettleiar stiftelsar og deler kunnskap om rolla stiftelsar spelar i det norske samfunnet. I tillegg godkjenner vi endringar i private beslagsforbod, bandlagd pliktdelsarv, uråderettsklausular og samvirkeføretak.

Lotteri- og stiftelsestilsynet driftar tre nasjonale register. Alle norske stiftelsar er registrerte i Stiftelsesregisteret. I Pengespelregisteret ligg det informasjon om lag og organisasjonar som har løyve til å skaffe seg lotteriinntekter. Anleggsregisteret inneheld informasjon om mellom anna anlegg for idrett og fysisk aktivitet, kulturarenaer og løypetiltak i fjellet. I alle tre registera kan publikum søke fram informasjon.

Strategien vår fortel korleis vi skal styrke oss som organisasjon dei næraste åra, slik at vi på ein god måte kan vareta det ansvaret og gjennomføre dei oppgåvene departementet tildeler oss. I strategien vår for 2024–2028 har vi definert at vi skal jobbe målretta for at det skal bli enklare å drive frivilligheit, at færre skal oppleve speleproblem, og at stiftelsane skal tene formåla sine. Derfor skal vi

- dyrke kunnskap og kompetanse
- forenkle og forbetre
- styrke samhandlinga vår – både internt og eksternt
- vere synlege og tydelege

Tilsynet sine oppgaver

Tildelingsbrevet for 2025 definerer Lotteri- og stiftelsestilsynet sine overordna mål slik:

- sikre ansvarlege pengespel, førebygge speleavhengigheit og negative sosiale konsekvensar av pengespel- og lotteritilbodet
- legge til rette for at overskot frå pengespel og lotteri går til helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur
- legge til rette for ei effektiv og trygg forvaltning av pengestøtta til frivilligheita
- sikre ei forsvarleg forvaltning av stiftelsar og auke kunnskapen om den samfunnsmessige betydninga deira
- bidra til at tilsynet er leiande i å bygge og formidle kunnskap og truverdig informasjon om pengespel, stiftelsar og støtteordningar for frivilligheita

I tillegg har Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2025 hatt nokre særskilde oppdrag:

- DNS-blokkering tredde i kraft 1. januar 2025. Lotteritilsynet skal følge opp gjennom å føre tilsyn, varsle selskap som tilbyr spel ulovleg i Noreg, og be internettilevandarar om å blokkere spelsidene.
- Krav om registrert spel per spelleverandør tredde i kraft 1. januar 2025, og krav om registrert spel per bingo hall og tapsgrenser trer i kraft 1. september 2025. Lotteritilsynet skal følge opp dei nye krava gjennom tilsyn og dialog med bransjen.
- Søknadsfristen for å søke om lisens til å tilby pengespel etter kapittel 10 i pengespeleforskrifta er 1. september 2025. Gjeldande løyve er gyldige til februar 2026, og det skal tildelast tre nye løyve med varigheit på ni år. Lotteritilsynet skal følge opp prosessen og stå for sjølve tildelinga.
- Lotteritilsynet skal fortsette å følge opp *Handlingsplan mot spilleproblemer 2022–2025* og vil få eit oppdrag knytt til utarbeiding av ny handlingsplan for 2026–2029.
- Lotteritilsynet skal følge med på gråsoneproblematikk mellom pengespel og dataspel i samarbeid med andre relevante myndigheiter.
- Lotteritilsynet er bede om å utarbeide forslag til nasjonal strategiplan for arbeidet mot manipulering av idrettskonkurransar for perioden 2025–2028. Tilsynet skal framleis koordinere arbeidet i det nasjonale samarbeidsforumet mot kampfiksing. Det skal hjelpe departementet og på eige initiativ bidra til oppfølging av Noreg sine forpliktingar når det gjeld Europarådet sin konvensjon mot manipulering av idrettskonkurransar (Macolin-konvensjonen).
- Lotteri- og stiftelsestilsynet sitt ansvar for å forvalte tilskotsordninga for straumstøtte til frivillig sektor blir vidareført også i 2025, jf. forskrift 1. juli 2022 nr. 1283 for strømstøtteordninga for frivillig sektor.
- Lotteri- og stiftelsestilsynet skal hjelpe til med å vidareutvikle ordninga med meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar og forslaget til ny forskrift, som skal på høyring i 2025.
- Lotteri- og stiftelsestilsynet skal hjelpe til i arbeidet med forskriftsfesting av ordninga med meirverdiavgiftskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg.
- Tilsynet skal hjelpe til i arbeidet med gjennomgang av regelverk for Frivilligregisteret, med andre oppgåver relaterte til utvikling av registeret, og med digitaliserings- og forenklingstiltak på frivilligområdet knytte til livshendinga «Starte og drive en frivillig organisasjon», jf. digitaliseringsstrategien til regjeringa. Departementet vil i løpet av 2025 vurdere eit nærare mandat for arbeidet.
- Lotteri- og stiftelsestilsynet skal i 2025 ferdigstille analysen av inntektsstraumar i frivillig sektor. I samråd med Kultur- og likestillingsdepartementet skal tilsynet avklare kva for nokre analysar og datasamanstillingar som skal utførast på permanent basis.

2

- Tilskotsordninga til frivilligsentralar (forskrift 30. juni 2022 nr. 1272) skal evaluert av ein ekstern aktør i 2025. Departementet ber Lotteri- og stiftelsestilsynet om å hjelpe til i dette arbeidet og følge opp resultat av evalueringa etter avtale.
- Lotteri- og stiftelsestilsynet overtar frå og med 2025 eigarskapen til tilskudd.no, og arbeidet med overføring av teknisk løysing frå DFØ vil bli gjennomført i løpet av første kvartal. Departementet ber om at tilsynet held fram med arbeidet med å bygge opp ein berekraftig driftsmodell rundt tenesta tilskudd.no for frivillig sektor. Prioriterte område for 2025 er å sikre god informasjons- og datakvalitet, og at produkt og løysingar som blir utvikla, varetar frivillig sektor sine ønske om og behov for forenkling og samordning. Det er i tillegg ønskeleg at tilsynet startar eit arbeid for å sjå på korleis tilskudd.no kan sjåast i samanheng med andre digitale løysingar.

Inntektskomponentar

Lotteri- og stiftelsestilsynet er sjølvfinansiert med gebyr og avgifter.

I 2025 var inntektskomponentane slik:

• gebyr og oppdrag (inkl. handlingsplanmidlar)	kr 30 024 431
• årsavgift frå stiftelsar	kr 30 559 297
• refusjon frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto	kr 47 882 000

Tabell 1: Utvalde volumtal

Volumtal	2022	2023	2024	2025
Godkjende organisasjonar som kan få løyve til å tilby og ta imot overskot frå pengespel	4 988	4 908	5 111	3 224
Organisasjonar med løyve til bingo	3 323	3 189	3 006	2 589
Registrerte stiftelsar	6 322	6 252	6 142	6 016
Næringsdrivande stiftelsar	806	809	803	802
Søknader om momskompensasjon på varer og tenester	2 186	2 458	2 720	2 963
Samla tal journalførte dokument i tilsynet	71 849	78 213	82 599	75 214
Kontakt med Hjelpelinjen	1 172	1 143	1 105	1 303

Tabell 2: Økonomiske nøkkeltal

Nøkkeltal	2024	2025	Endring %
Tal årsverk	81	82	1,2
Samla løyving inkl. tilskotsordningar	3 545 184 000	3 740 992 000	5,5
Rekneskapsførte driftsutgifter	130 671 223	132 896 000	1,7
Lønnsdel av driftsutgifter (prosent)	60	63	5,0
Lønn og sosiale utgifter per årsverk	960 000	1 028 000	7,1
Samla rekneskapsførte inntekter	123 593 000	122 310 631	-1,0
Utnytingsgrad post 01–29 (prosent)	96,7	99,7	3,1

2

Kommentarar til endringar i nøkkeltal

Årsverk: Tal årsverk har vore stabilt dei siste to åra. Vi har auka med eitt årsverk i 2025. Oppgåveporteføljen auka noko då vi overtok ansvaret for forvaltning av tilskudd.no

Samla løyving: Ordninga for momskompensasjon til frivillige organisasjonar blei auka betydeleg for å gi full kompensasjon. Samtidig blei løyvingane til straumstøtte og til momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg reduserte.

Driftsutgifter: Auken har vore moderat med 1,7 prosent. Vi fekk auka utgifter knytte til utvikling og drift av tilskudd.no, men samtidig har vi spart på utviklingskostnader knytte til fagsystem og register.


Lønnsdel: Vi har dei seinare åra lege på pluss/minus 60 prosent. 63 prosent i 2025 er opp 3 prosent frå 2024, men på same nivå som i 2021. Med 63 prosent ligg vi på medianen for 186 statlege verksemdar.

Lønn og sosiale utgifter per årsverk: Vi gjekk litt opp i høve til året før. Forseinka lønnsoppgjjer i 2024 med utbetaling i 2025 forklarar mykje av auken.

Rekneskapsførte inntekter: Ny godkjenning av lotteriverdige organisasjonar gav ekstra inntekter i 2024. Som følge av dette gjekk posten for lotterigebyr ned med 5,2 millionar kroner i 2025. Samtidig auka ramma for handlingsplanen mot speleproblem, slik at oppdragsinntektene her auka med 4 millionar kroner. Samla inntekter er nærare 1,3 millionar kroner lågare enn året før.


Utnyttingsgrad: Denne var høg, med 99,7 prosent i 2025. Det ser ein òg på overførbart beløp, som er på vel 400 000 kroner. I 2024 inngjekk kompensasjon for lønnsoppgjjeret i mindreforbruket, fordi budsjettjustering kom seint på året, medan utbetaling blei flytta over til 2025. Dette gjaldt heile statleg sektor.

Pengespellova ligg under Kultur- og likestillingsdepartementet. Stiftelseslova ligg under Nærings- og fiskeridepartementet.



2

Organisasjon og leiding



2

Leiargruppa i 2025



Atle Hamar,
direktør i Lotteri- og
stiftelsestilsynet



Terje Gilleshammer,
kommunikasjons- og
strategidirektør



**Siw Heggedal
Longvastøl,**
avdelingsdirektør,
Stiftelsestilsynet



Stig Starheim,
fagdirektør for økonomi
og verksemdsstyring



**Marianne Skjeldestad
Hove,**
avdelingsdirektør
for frivillighetsstøtte,
Lotteritilsynet



Siv-Karin Hestad,
fagdirektør for
organisasjon og
personale



Tore Bell,
avdelingsdirektør
for pengespel,
Lotteritilsynet



Falk Michael Tewes,
IT-direktør

Slik jobbar vi for at færre skal oppleve speleproblem

2025 var prega av fleire store feil hos Norsk Tipping. Dei mange sakene knytte til Norsk Tipping har prega mykje av ressursbruken dette året. Vi har hatt fleire møte på ulike nivå med Norsk Tipping for å kartlegge kvar feila har oppstått, og korleis dei kunne oppstå. Ut frå feila og alvorsgraden har vi gjort vurderingar av nivå på gebyr. Som følge av arbeidet jobbar Lotteritilsynet med eit høyringsforslag som stiller krav til ekstern og uavhengig testing av spela til Norsk Tipping.

Nytt av året er at vi starta med DNS-blokkering av selskap som ikkje har løyve til å tilby pengespel i Noreg. Så langt i 2025 og i starten av 2026 er 238 nettstader blokkerte. Fleire av nettstadene har innretta seg etter å ha mottatt informasjonsbrev og varsel om blokkering, og rettar seg ikkje lenger mot norske spelarar. I samband med blokkeringa lanserte vi også ein kampanje der vi oppmoda spelarane om å sjå etter merket «Tillatt i Norge».

I bingohallane er tapsgrenser og registrert spel på plass (frå 1. september 2025), etter at kravet blei lovfesta 1. januar 2023. Vi såg ein større nedgang i talet på bingo-hallar, spesielt mot slutten av 2025.

Eit utkast til ny handlingsplan mot speleproblem for 2026–2029 er levert til Kulturdepartementet. Lotteritilsynet har leia arbeidet med handlingsplanen, som er eit samarbeid med Medietilsynet og Helsedirektoratet. Det er meir fokus på barn og unge i denne handlingsplanen enn tidlegare.

Spelevanane til barn og unge i alderen 12–17 år var også tema for ein forskingsrapport Lotteritilsynet bestilte frå SPILLFORSK ved Universitetet i Bergen. Norsk Tipping har over lengre tid sett at unge spelarar som kjem til dei, er erfarne og spelar høgrisikospel. Undersøkinga viste at barn og unge som spelar dataspel med lootboksar og skinbetting, har høgare risiko for å utvikle pengespelproblem. Vi skal jobbe vidare med desse funna i åra framover.



3

I løpet av hausten 2026 ventar vi resultat frå ei nordisk undersøking. Det har vore jobba gjennom heile 2025 med å førebu og skaffe finansiering frå alle landa som er involverte. Arbeidet med denne undersøkinga har vore meir krevjande enn vi såg for oss.

Vi har også utlyst tre løyve til store lotteri med internasjonal aktivitet for perioden 2026–2035. Vi fekk inn to søknader innan fristen.

Vi har i 2025 også gitt løyve til poker-NM for perioden 2026–2029.

Mange feil hos Norsk Tipping har sett Lotteritilsynet på prøve

Fleire alvorlege feil og brot på pengespellova blei oppdaga hos Norsk Tipping i 2025.

I 2025 har vi gitt fire lovbrotsgebyr til Norsk Tipping. Det er strenge krav til Norsk Tipping som einerettsaktør, og spelarane skal kunne stole på at spela er trygge og rettferdige. Derfor har vi prioritert desse sakene høgt i 2025, og vi har omprioritert ressursar og planlagde tilsyn. Det har aldri før vore avdekt feil med så stort omfang hos Norsk Tipping, og det sette også oss som tilsyn på prøve.

Feila som blei oppdaga i 2025:

- Ein trekningsfeil i ekstratrekningane i Eurojackpot og Lotto har ført til at spelarar i andelslag, spelelag og andelsbankar har hatt større vinnarsjansar i rundt ti år. Feilen har ramma millionar av spelarar. Vi vedtok 46 millionar kroner i lovbrotsgebyr.
- Ein feil i supertrekninga 19. april førte til at det blei trekt 52 feil vinnarar av millionpremiar. Lotteritilsynet vedtok 25 millionar kroner i lovbrotsgebyr.
- Fleire tusen spelarar fekk melding om at dei hadde vunne mykje større premiar enn dei faktisk hadde. Vi vedtok gebyr på 10 millionar kroner.



Vedtar gebyr på 46 millioner etter trekningsfeil i Eurojackpot og Lotto

Feilen har rammet millioner av spillere. – Jobber for å gjenopprette tilliten, sier Norsk Tipping.



Feila hos Norsk Tipping fekk mykje offentleg merksemd. Faksimile: VG

3

I 2025 fekk Norsk Tipping også gebyr på 36 millionar kroner på grunn av ein feil i utestengingsfunksjonen deira. Feilen blei oppdaga i 2024. Hos Norsk Tipping skal spelarar raskt kunne stenge seg ute og beskytte seg om dei spelar for mykje. Feilen førte til at spelarar i appen på iPhone eller iPad ikkje fekk stenge seg ute på fire månader.

Stort tilsyn med Lotto, Eurojackpot og Vikinglotto

Feila viser eit grunnleggande problem i Norsk Tipping sine system og kontrollar. Det er alvorlege feil, og fleire av dei har ikkje blitt oppdaga før konsekvensane har blitt store. Derfor starta vi eit stort tilsyn med Lotto, Eurojackpot og Vikinglotto hausten 2025. Tilsynet skal vere ferdig i 2026.

Kultur- og likestillingsdepartementet har også bede Lotteritilsynet om å greie ut og komme med forslag til tekniske krav og bruk av uavhengig testinstitutt for lotterispela til Norsk Tipping. Også dette arbeidet skal vere ferdig i 2026.

Feil i tapsgrensene hos Norsk Rikstoto

806 kundar fekk spele over tapsgrensene sine i perioden desember 2022–september 2025. Årsaka var ein teknisk feil i Andelstorget og På lag-løysinga som blei oppdaga i 2025.

Norsk Rikstoto skal ha tapsgrenser for å førebygge speleproblem og for å sikre at spel skjer på ein trygg og ansvarleg måte. Tapsgrenser er det viktigaste ansvarlegheitsverktøyet, og denne feilen rammar sårbare spelarar. Derfor vedtok vi eit lovbrotsgebyr på 6 millionar kroner.

Brot på kvitvaskingslova hos begge einerettsaktørane

I 2025 har vi hatt omfattande tilsyn med korleis einerettsaktørane etterlever kvitvaskingslova.

Pengespel kan brukast til kvitvasking og økonomisk kriminalitet. Derfor skal Norsk Tipping og Norsk Rikstoto ha system som kan avdekke kvitvasking. Det er desse systema vi har hatt tilsyn med.

Fem avvik hos Norsk Tipping

Tilsynet hos Norsk Tipping resulterte i fem avvik og seks merknader. Nokre punkt er forbetra, men samtidig ser vi alvorleg på at enkelte område har manglande eller mangelfull oppfølging. På grunn av dette fekk Norsk Tipping eit lovbrotsgebyr på 1 million kroner. Vi har også pålagt dei å rette opp i ulovlege forhold.


Norsk Rikstoto sette bevisst lovkrav til side

Norsk Rikstoto har fått seks avvik og sju merknader etter tilsynet. Stiftelsen har bevisst sett til side absolutte lovkrav som skal gjere dei i stand til å avdekke og førebygge kvitvasking. Dei har lempa på enkelte lovkrav om kundetiltak og løpande oppfølging, og det har skapt følgefeil som har ført til enda fleire lovbrots.

3

Norsk Rikstoto har også mista kundedata som dei er lovpålagde å registrere og lagre.

Vi vedtok lovbrotsgebyr på 2 millionar kroner for feilen, og vi har pålagt dei å rette opp i lovbrota. Vi har også varsla tvangsmulkt på 50 000 kroner per dag til avvika er retta opp.



Privat marknad får på plass lovkrav frå 2023

I 2025 er det innført registrert spel og tapsgrenser i bingohallane. Dette var to nye lovkrav i den nye pengespellova frå 1. januar 2023.

Fleire hundre nettstader med ulovlege pengespel er blokkerte

238 nettstader er blitt blokkerte i det første året med DNS- blokkering. Mange selskap har dessutan gjort endringar utan at vi måtte blokkere, for å unngå å rette tilbodet mot nordmenn.

Frå 1. januar 2025 innførte Noreg DNS-blokkering av utanlandske nettstader med pengespel. DNS-blokkering fungerer kort forklart slik: Dersom du prøver å gå inn på ei spelside som er blokkert, kjem du i staden til internettilbydaren sin nettstad, der du får informasjon om at sida er blokkert.

- Vi har sendt varsel om blokkering av til saman over 400 nettstader. Mange av selskapa som har fått varsel, har sjølve gjort endringar, slik at nettstaden ikkje lenger er retta mot norske spelarar.
- Vi har vedtatt blokkering av til saman 238 nettstader i 2025 og i starten av 2026.
- 71 selskap står bak nettstadene som er blokkerte.
- Til saman har vi undersøkt 662 nettstader i 2025.

3

DNS-blokkering har god effekt

Eit mål med DNS-blokkeringa er at færre nordmenn skal spele hos ulovlege selskap. Desse selskapa er ikkje regulerte av norske myndigheiter og tilbyr nettkasino med høg risiko for speleproblem. Selskapa har ikkje krav til verktøy som skal beskytte spelarane, for eksempel grenser for kor mykje pengar dei kan spele vekk.

DNS-blokkering er også eit viktig informasjonstiltak. 5 av 10 nordmenn veit ikkje eller er usikre på kven som har lov å tilby pengespel i Noreg, og ikkje. Då kan vi heller ikkje forvente at dei kjenner til risikoen ved å spele der. Dersom ein prøver å gå inn på ei blokkert nettside, får ein informasjon om at sida er blokkert fordi ho inneheld pengespel som er ulovleg i Noreg.

Nokre selskap prøver å omgå blokkeringa

Vi ser at fleire selskap endrar adressa til nettstaden eller automatisk sender spelarane vidare til ei ny nettside som ikkje er blokkert. Ein del av desse fangar vi opp i nye tilsyn. Det er likevel viktig for oss å kommunisere til spelarane at det finst spelsider som ikkje er blokkerte sjølv om dei tilbyr pengespel ulovleg i Noreg. Arbeidet med DNS-blokkering held fram i 2026, og det er planlagt fleire tilsyn.

Stadig vanskelegare for utanlandske spelselskap å operere ulovleg i Noreg

DNS-blokkering er eit av fleire verktøy som beskyttar norske spelarar og krympar den ulovlege marknaden i Noreg.

I kombinasjon med DNS-blokkering har Lotteritilsynet brukt betalingsformidlingsforbodet, som seier at norske bankar skal stanse innsats og gevinst til og frå ulovlege selskap. I 2026 skal Lotteritilsynet halde fram med å bruke dei to verkemidla i lag for å stanse ulovlege aktørar frå fleire frontar.

Vi ser også at tvangsmulkt har god effekt, spesielt i saker der influensarar driv ulovleg marknadsføring av pengespel. Vi er spesielt bekymra for at denne marknadsføringa når barn og unge. Dei som får vedtak om tvangsmulkt, får sjansen til å slette og stanse marknadsføringa. Dersom dei ikkje gjer det, må dei betale ein dagleg sum inntil marknadsføringa stoppar. I 2025 brukte vi også førehandsfastsett tvangsmulkt for første gong, etter at den nye pengespellova opna for det. Det vil seie at tvangsmulkta startar å løpe dersom det skjer nye lovbrøt.

3

Ny undersøking: Barn og unge med dataspelproblem har høgare risiko for pengespelproblem

Ungdom som spelar mykje dataspel – særleg viss dei kjøper lootboksar eller skins eller deltar i skinbetting – har høgare risiko for å utvikle pengespelproblem.



Undersøkinga er gjort blant norske ungdommar i alderen 12–17 år. Det er SPILL-FORSK ved Universitetet i Bergen som har gjennomført undersøkinga.

Undersøkinga viser at dataspel og pengespel i aukande grad heng saman. Ifølge rapporten hadde 27,7 prosent av ungdommane kjøpt lootboksar det siste året, medan 29,4 prosent hadde kjøpt skins og 15,5 prosent hadde deltatt i skinbetting. Dei som deltok i slike aktiviteter, var sterkt overrepresenterte blant dei som hadde både data- og pengespelproblem.

Gjennom simulerte spel (nettstader som Slotomania, der spela ser ut som for eksempel automatar og poker) blir unge sosialiserte og får trening i pengespel. Dei lærer dei tekniske ferdigheitene, men i ei fordreidd verkelegheit der det er lett å vinne, slår rapporten fast. Trua på at det er lett å vinne, tar dei med seg når dei blir eksponerte for andre pengespel.

Undersøkinga viser også at andelen som deltar i pengespel, har gått kraftig ned, men at dei som spelar, har større risiko for å utvikle speleproblem. Dei spelar helst online på nettkasino og internettpoker. Dette samsvarer med ei utvikling Norsk Tipping ser hos sine yngste spelarar: Dei har same spelemønster som erfarne spelarar og spelar online-spel med høg risiko.

Dei viktigaste risikofaktorane for å få problem med data- og pengespel er mobbing, dårleg helse, låg livstilfredsheit, bruk av alkohol, tobakk og energidrikk, og lite oppfølging frå foreldre.

3

Gråsonespel

Lootboksar er virtuelle forundringspakkar som blir selde i dataspel. Spelaren får ikkje vite kva innhaldet er, før hen har kjøpt pakken. Innhaldet kan for eksempel vere virtuelle skins som kan gi fordelar i spelet. Lootboksar kan kjøpast med ekte pengar eller virtuell valuta som spelaren tener opp i spelet.

Skins er visuelle kosmetiske element som kan vinnast eller kjøpast direkte i dataspel eller vinnast i lootboksar. Skins endrar utsjånad på element som ein avatar, eit våpen eller anna utstyr i eit dataspel. Sjeldne skins kan vere verd titusenvís av kroner.

Fakta om barne- og ungdomsundersøkinga:

- Undersøkinga er gjennomført av SPILLFORSK ved Universitetet i Bergen blant 9 000 ungdommar i alderen 12–17 år i 2025.
- 18,8 % oppgir å ha deltatt i pengespel det siste året: 9,3 % av jentene og 27,7 % av gutane.
- Lootboksar: 45 % av gutane, mot berre 9 % av jentene, oppgav å ha kjøpt lootboksar i løpet av det siste året.
- Skins: 21,4 % av gutane og 8,4 % av jentene oppgav å ha deltatt i skinbetting i løpet av det siste året.
- 7,1 % oppfylte kriteria for pengespelproblem, og 15 % hadde dataspelproblem.
- Kjøp av lootboksar, skins og skinbetting blir i undersøkinga assosiert med ugunstig eller risikorelatert åtferd som bruk av alkohol, tobakk og energidrikk, og med ei rekke negative levkårsvariablar som mobbing, einsemd, låg grad av oppfølging frå foreldre og lågare familielevelstand

Samarbeid med andre tilsyn for å beskytte barn og unge

Grensene mellom dataspel og pengespel blir gradvis viska ut. For å beskytte forbrukarane betre, spesielt barn og unge, samarbeider vi tett med Forbrukartilsynet og Medietilsynet. Mandatet for samarbeidet inkluderer å vurdere behov for endringar i regelverket og å ha felles tiltak, for eksempel felles tilsyn.

Frå 2025 er vi også ein del av samarbeidet «Barns forbrukervern», som Forbrukartilsynet har hovudansvaret for. Fleire tilsynsorgan deltar, mellom anna Datatilsynet, Medietilsynet og ulike tilsynsorgan innan helse. Felles rettleiing om marknadsføring, kampanjar og tilsynsaksjonar er eksempel på tiltak i samarbeidet.

Fleire tok kontakt med Hjelpelinja om dei farlegaste spela i 2025

Tal samtaler om pengespel til Hjelpelinja auka frå 2024 til 2025. Talet for dei som tok kontakt med Hjelpelinja for første gong auka med heile 44 prosent, og kasinospel på nett stod for nesten heile auken.

Det er bekymringsfullt at ein del av auken ser ut til å komme blant unge spelarar. Andelen samtaler som gjeld ein spelar i aldersgruppa 18 til 24 år auka frå 32 prosent i 2024 til 39 prosent i 2025. Samla sett er snittalderen for ein spelar med penge-spelproblem 30,3 i 2025, nesten to år yngre enn året før.

Skinbetting er inkludert i statistikken for første gong i 2025. 17 spelarar har oppgitt å ha det som hovudproblemspel. Dette er spel som appellerer til dei yngste spelarane, og barne- og ungdomsundersøkinga Universitetet i Bergen gjennomførte i 2025, peikar på ein samanheng mellom skinbetting og pengespelproblem. Sjølv om slike samtaler ikkje utgjer meir enn tre prosent av førstegongssamtalene på hjelpelinjestatistikken, blir dette ein viktig indikator å følge med på vidare.

Det er likevel kasinospel på nett som også i år er den store bekymringa når det gjeld samtaler på Hjelpelinja. Vekst i samtaler om kasinospel står nesten for heile auken i samtaler frå 2024 til 2025.

Mange har problem med utanlandske speltilbydarar

Dei fleste samtalene i 2025 handlar om ein spelar som oppgir å ha problem utelukkande med ein utanlandsk speltilbydar. Dette utgjer 65 prosent av samtalene. 26 prosent viser både til Norsk Tipping og ein utanlandsk tilbydar. Fire prosent viser berre til Norsk Tipping, og i 20 prosent av samtalene har ikkje tilbydar vore eit tema. Om vi ser på kasinospel, oddsspel og poker under eitt, og tek med samtaler der både Norsk Tipping og ein utanlandsk aktør har vore omtala, så har ein utanlandsk spelaktør vore tema i 90 prosent av desse samtalene.

Informasjonskampanje om ulovlege pengespel skapte stort engasjement

Eit viktig mål for oss er å førebygge speleproblem og å informere om risikoen ved å spele hos ulovlege selskap.

5 av 10 nordmenn veit ikkje eller er usikre på kven som har lov å tilby pengespel i Noreg. For å hjelpe spelarane har vi i samarbeid med Univerket laga eit spelmerke (sjå under). Spelarar kan sjå etter dette merket for å sjekke om dei spelar hos ein lovleg aktør.

For å gjere merket kjent, og for å informere om risikoen ein tar når ein spelar hos ulovlege selskap, har vi hatt ein informasjonskampanje i 2025.

3

Unge menn var målgruppa

Unge menn er i risikograppa for å få speleproblem. Det var viktig for oss å nå dei der dei er. Derfor laga vi videoar og annonserte på TikTok, YouTube og Snapchat. Både utvikling av konsept, produksjon av videoar og annonsering gjorde vi i samarbeid med Brusjan.

Vi gjorde også kvalitative intervju med spelarar i forkant, og vi testa videoane på målgruppa for å gjere innhaldet mest mogleg relevant for dei.



3

Nådde mange og skapte engasjement

Kampanjen rulla i rundt seks veker, hadde god rekkevidde og skapte engasjement. 1,3 millionar gonger er videoane sett i 15 sekund eller meir. Kampanjen førte til nesten 17 000 klikk til nettsidene våre med meir informasjon og nådde 800 000 i målgruppa. Annonsane er viste 12,3 millionar gonger.

I samband med at vi starta DNS-blokkering av nettstader med ulovlege pengespel, laga vi nye videoar og køyrde ein ny, kortare kampanjerunde, då spesielt med informasjon om blokkeringa. I denne runden hadde vi 1,7 millionar visingar, medan 30 000 såg meir enn 6 sekund. Vi fekk 2 000 klikk til informasjonssida vår om DNS.

Hausten 2025 jobba vi med ein ny kampanje, med same konsept. Denne kampanjen starta i romjula 2025 og varte ut januar 2026.

Nytt løyve til NM i turneringspoker

Lotteritilsynet gav i 2025 nytt løyve til å arrangere årleg noregsmeisterskap i turneringspoker. Løyvet blei gitt til Blodkreftforeningen, Gynkreftforeningen og Norges Døveforbund. Løyvet gjeld for perioden 2026–2030.

Ny strategiplan for å hindre kampfiksing

I 2025 har vi lansert ein ny strategiplan for å hindre manipulering av idrettskonkurransar. Vi har også undersøkt omfanget av førespurnader om kampfiksing i idretten.

Året starta med at Lotteritilsynet lanserte *Strategiplan for bekjempelse av manipulering av idrettskonkurranser 2025–2028* saman med Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF), Norges Fotballforbund (NFF), Det Norske Travselskap (DNT), Norsk Tipping (NT), Norsk Rikstoto (RT), Lotteri- og stiftelsestilsynet (LS), politiet ved Økokrim og Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD).

Stor spørjeundersøking til idretten

Hausten 2025 sende Lotteritilsynet ut ei spørjeundersøking til idretten. Det er tredje gong vi gjennomfører ei slik undersøking. Same undersøking blei gjennomført i 2021 og i 2023. Målet med undersøkinga er å kartlegge omfanget av førespurnader om kampfiksing og spel på eigne kampar. I tillegg ønsker vi å undersøke kjennskapet til regelverket.

Vi sende undersøkinga til utøvarar, trenarar og dommarar i idrettane fotball, handball, ishockey og basketball. Det kom inn 800 svar.

Funna viser at tal personar som i løpet av dei siste to åra har blitt kontakta av nokon som ønsker å påverke resultatet av eller ei hending undervegs i ein idrettskonkurranse, held seg stabilt. 1,3 prosent av dei spurde svarte ja på dette spørsmålet, mot 1,5 prosent i 2023.

Samtidig ser vi at 3,3 prosent av dei spurde kjenner nokon som i løpet av dei siste to åra har blitt kontakta. Det tilsvarande talet i 2023 var 4,6 prosent.

3

I undersøkinga kartla vi kjennskapen til regelverket mot manipulering av idrettskonkurransar. Skalaen gjekk frå 1 (svært liten kjennskap) til 5 (svært stor kjennskap). Blant dei spurde var snittskåren på 2,86. I 2021 og 2023 var snittskåren på høvesvis 2,47 og 2,73. Kjennskapen til regelverket er høgast hjå dommarar. Vidare har 15 % av dei spurde fått opplæring i regelverket mot manipulering av idrettskonkurransar.

Vi spurde også om forholdet til pengespel. Her fann vi blant anna at 1 prosent av dei spurde har satsa pengar på idrettskonkurransar dei sjølve har deltatt i.

Vidare ser vi at ein av fem har varsla når dei har blitt kontakta av nokon som ønsker å påverke resultatet av eller hendingar i ein idrettskonkurranse i Noreg.

Registrert spel og tapsgrenser i bingohallane

Registrert spel per leverandør i eit bingolokale blei innført frå 1. januar 2025. Dette er ein grunnleggande føresetnad for etablering av andre ansvarlegheitstiltak, for eksempel tapsgrenser.

Registrert spel sikrar også identifisering av spelarane og er eit middel for å hindre kriminalitet. I tillegg gir det spelaren auka innsikt i og bevisstheit om eige spelemønster. Frå 1. september blei det innført registrert spel per bingolokale på tvers av leverandørar.

Personlege tapsgrenser i bingohall blei innført frå og med 1. september 2025. Tapsgrensene er dei same som for Belago (Norsk Tipping sine spelterminalar i bingohallar), det vil seie inntil 900 kroner per dag og inntil 4 400 kroner per måned. Tapsgrenser i bingohall gjeld likevel per bingohall og er ikkje ei nasjonal grense som for Belago.



3

Det er enno for tidleg å sjå effekten av tapsgrenser på omsetninga i bingoallane. Det vil ein først kunne sjå når bingorekneskapane for andre halvår av 2025 er innleverte (frist: februar 2026).

Det er venta ein nedgang i omsetninga, og dette har også bransjen formidla. Å sikre eit ansvarleg speletilbod i bingoallane og beskytte sårbare spelarar er likevel viktigare enn omsynet til eit eventuelt inntektstap for bingomedhjelparar og organisasjonar. Dette er også i samsvar med lova sitt formål.

Lotteritilsynet har i fleire omgangar sendt ut informasjon til medhjelparane om innføring av nye reglar og korleis dei skal tolkast. I løpet av hausten har vi likevel fått ein del tips om at regelverket for tapsgrenser ikkje blir etterlevd. Lotteritilsynet vil følge opp dette nøye med tilsyn framover.

Utlysing av løyve til store lotteri med internasjonal aktivitet

Løyve til store pengespel med internasjonal aktivitet, som i 2017 blei gitt til fem ulike konsept, har hatt ein løyveperiode som går ut i februar 2026. Derfor lyste vi i 2025 ut tre nye løyve med ei varigheit på ni år. Søknadsfristen var 1. september. Til saman søkte 24 organisasjonar om nye løyve under to ulike konsept, Pantelotteriet og Postkodelotteriet. Røde Kors er framleis knytt til Pantelotteriet. For Postkodelotteriet sin del var det i alt 23 organisasjonar som søkte om eitt løyve saman. Dette betyr ein vesentleg auke samanlikna med dei to organisasjonane som hadde løyve til konseptet i førre løyveperiode (2017–2026).

Saksbehandlinga gjekk som planlagt, mykje grunna ein klar og tydeleg utlysings-tekst, inkludert forklaring av kva vedlegg søkarane måtte sende inn.

Slik jobbar vi for at det skal bli enklare å drive frivillighet

I ei uroleg og uføreseieleg tid er frivillig sektor ein berebjeleke for demokratiet vårt. I 2025 har vi halde fram arbeidet med å gjere det enklare å vere frivillig i Noreg. Det er motiverande å bidra til at frivillige organisasjonar kan bruke mindre tid på administrasjon og meir tid på aktivitet.


I 2025 tok vi over ansvaret for tilskudd.no og bidrog til å revidere og digitalisere Kultur- og likestillingsdepartementet sin rettleiar *Forenkling av statlege tilskotsordningar for frivillige organisasjonar*. Arbeidet med betre samordning, datakvalitet og integrasjon mot andre system som Frivilligregisteret og Støtteregisteret heldt fram. Desse tiltaka skal bidra til enklare, meir effektiv og meir oversiktleg forvaltning for både forvaltarar og frivillige organisasjonar.

I tillegg har Lotteri- og stiftelsestilsynet stått bak ei rekke tiltak og aktivitetar for å sikre god forvaltning av statlege midlar, mellom anna etterkontrollar av tilskotsordningar, oppfølging av covid-19-relaterte kompensasjonssaker og tilsyn med Grasrotandelen. Samla sett var 2025 eit år prega av både store økonomiske tildelingar og målretta arbeid for forenkling, kvalitet og tillit i tilskotsforvaltninga.

4,8 milliardar kroner til frivillige lag og organisasjonar i 2025

I 2025 fordelte vi nær 4,8 milliardar kroner til frivillige lag og organisasjonar. Av dette var nesten 2,9 milliardar kroner momskompensasjon på varer og tenester. 1,2 milliardar kroner kom frå speleoverskotet til Norsk Tipping. Momskompensasjon til idrettsanlegg utgjorde over 366 millionar. Vi betalte ut nær 265,3 millionar kroner til kommunane, som fordelte tilskotet vidare til sine frivilligsentralar. I tillegg blei det i løpet av 2025 betalt ut over 41 millionar kroner i straumstøtte til frivillige organisasjonar. Til saman viser desse ordningane eit breitt og omfattande økonomisk bidrag til frivillig sektor i heile Noreg.

Figur 1: Oversikt over utbetaling etter år og ordning



Tilskudd.no i ny drakt

I løpet av første kvartal blei tilskudd.no flytta frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) til Lotteri- og stiftelsestilsynet. Som ein del av denne prosessen fekk løysinga Lotteri- og stiftelsestilsynet sin visuelle identitet. Flyttinga gjekk smidig, og tilbakemeldingane frå forvaltarar og organisasjonar har vore gode.



tilskudd.no

Søk Q

Meny ☰

Oversikt over statlige tilskudd til ideelle og frivillige organisasjoner.



3

For å vareta frivillig sektor sine ønske om og behov for forenkling og samordning har vi digitalisert rettleiaren *Forenkling av statlege tilskotsordningar for frivillige organisasjonar*, som blei publisert på tilskudd.no same dag som løysinga blei flytta (sjå nærare omtale under).

Tilskudd.no er viktig for ideelle og frivillige organisasjonar som har behov for økonomisk støtte til drift og ulike prosjekt. Nettstaden gir oversikt over omtrent 150 ulike tilskotsordningar og rundt 300 enkeltstående tilskot. For at informasjonen om tilskotsordningane skal vere oppdatert og tildelingane fullstendige, er vi avhengige av at nærare 50 ulike forvaltarar legg inn rett informasjon til rett tid. Tiltak for å auke informasjons- og datakvaliteten er noko vi vil legge særleg vekt på framover.

Tilskudd.no er også eit viktig verktøy for å bygge og formidle kunnskap om støtteordningar for frivilligheita. Vi har mellom anna brukt informasjon frå tilskudd.no til å presentere utvikling i statlege tilskot over tid. Vi fekk også eit tilleggsoppdrag der vi brukte tilskudd.no til ein gjennomgang av statleg finansiering av frivillige aktørar som tilbyr aktivitatar for barn og unge. Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor nyttar også tilskudd.no som ei viktig kjelde i sitt arbeid:

At det er blitt opprettet et register som tilskudd.no, gjør det mye enklere å få oversikt over tilskuddsforvaltningen. Dette er en svært viktig ressurs for videre forskning på forholdet mellom offentlige myndigheter og frivillige organisasjoner på ulike politikkkfelter.

Prosjektet Tilskuddsregimer for frivillig sektor, side 84

Det er starta eit arbeid for å undersøke korleis tilskudd.no kan sjåast i samanheng med andre digitale løysingar. Det har mellom anna vore dialog med KS Digital om prosjektet «Felles digital tilskuddsforvaltning» og Brønnøysundregistra om det nye Støtteregisteret og prosjektet «Deling Data Frivillig». Dette er eit langsiktig arbeid som vil fortsette dei neste åra.

3

2,87 milliardar i momskompensasjon til frivilligheita

I 2025 betalte vi ut 2,87 milliardar kroner i momskompensasjon til 24 940 frivillige organisasjonar. Det er den største utbetalinga vi har gjort for denne ordninga. For femte år på rad har mottakarane fått utbetalt heile det godkjende søknadsbeløpet. Utbetalinga blei gjennomført i to omgangar grunna sein behandling av nysalderinga i Stortinget. Den første utbetalinga blei gjort i desember 2025 og den andre i januar 2026. Vi fekk inn 2963 søknader, noko som var ein auke på 9 prosent frå 2024. Over 90 prosent av søknadene blei godkjende.


Tabell 1: Oversikt over momskompensasjon

Søknadsår	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Tal søknader	1 921	2 019	1 909	2 186	2 459	2 720	2 963
Tal organisasjonar	21 778	22 397	21 575	22 204	23 081	24 346	24 940
Søknadssum (millionar kroner)	2 063	2 102	1 853	2 081	2 591	2 793	2 937
Godkjend søknadssum (millionar kroner)	1 963	2 079	1 816	2 027	2 451	2 707	2 870
Utbetalt beløp (millionar kroner)	1 608	1 684	1 816	2 027	2 451	2 707	2 870
Innvilgingsprosent	82 %	81 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Tal avslag / avviste søknader	220	173	143	210	302	275	249

Ordninga treffer heile breidda i frivillig sektor

Med nesten 25 000 mottakarar treffer ordninga heile breidda av frivillige organisasjonar. Figuren nedanfor viser fordelinga mellom ulike kategoriar. Idrett er klart størst, med nesten 7 100 organisasjonar. Kunst og kultur har over 5 400 organisasjonar, medan rekreasjon og sosiale foreiningar har 3 850 organisasjonar.


Figur 2: Tal organisasjonar



3

Når vi ser på tildelt beløp per kategori, er idretten størst med over 1 milliard kroner i tildelt beløp. Trus- og livssynsorganisasjonar får tildelt i overkant av 350 millionar kroner, kunst og kultur får 290 millionar, og internasjonale organisasjonar 283 millionar kroner.

Figur 3: Tildelt beløp per kategori



Sjølv om ordninga er godt kjend og vi har tatt imot søknader i 15 år, var det i 2025 nesten 500 enkeltstående organisasjonar som søkte for første gong. Det viser at det er viktig å gi god informasjon om ordninga, slik at flest mogleg veit at dei kan søke. I samband med utbetalinga i januar sende vi ut ei pressemelding. Vi registrerte meir enn 50 mediasaker om tildelingar i lokale og regionale medium. Dette er ein viktig kanal når vi skal gi informasjon om ordninga og gjere ho kjend for fleire. For å nå fram til nye søkarar informerer vi i tillegg breitt på fleire kommunar sine nettsider i søknadsperioden.

Nytt regelverk frå 2026

Ny forskrift om momskompensasjon for frivillige organisasjonar blei vedtatt desember 2025 og gjeld frå 1. januar 2026. Det var to høyringsrundar. Vi hjalp Kultur- og likestillingsdepartementet i arbeidet med høyringsdokumenta gjennom regelverksprosessen.


3

367 millioner kroner i momskompensasjon til idrettsanlegg i 2025


Vi fekk 537 søknader om momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg. Av 537 søknader blei 513 godkjende, 17 fekk avslag, og 2 blei avviste. 5 organisasjonar trekte søknaden.

Godkjent søknadsbeløp var på 367 millioner kroner i 2025, mot 306 millioner kroner i 2024. Alle som fekk godkjent søknaden, fekk utbetalt heile det godkjente søknadsbeløpet.

Figur 4: Søknadsbeløp for idrettsmoms over tid



Figur 5: Tal søknader for idrettsmoms over tid



3

1,2 milliardar av speleoverskotet til 47 samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar

I 2025 fordelte vi 1,2 milliardar kroner av speleoverskotet til 47 samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar.

Tilskotet fordelte seg slik:

- Norges Røde Kors – 383 millionar kroner
- Redningsselskapet – 237 millionar kroner
- Norsk Folkehjelp – 29 millionar kroner


Det resterande beløpet blei fordelt mellom 44 landsdekkande samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar.

Av Norsk Tipping sitt samla speleoverskot går 18 prosent til fordeling gjennom denne ordninga. Tilskotsordninga er retta mot landsdekkande samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Formålet er å bidra til å trygge viktige samfunnsoppgåver på områda helse, sosiale tenester, krisehjelp, støttarbeid og natur-, miljø- og dyrevern.

Ordninga skal i tillegg sikre at sentrale rednings- og beredskapsoppgåver kan vidareførast. Dei tre beredskapsorganisasjonane Norges Røde Kors, Redningsselskapet og Norsk Folkehjelp får derfor ein fast årleg prosentdel av midlane. Andre organisasjonar må søke.

Diagrammet viser korleis midlane fordeler seg på ulike kategoriar.

Figur 6: Fordelinga av midlar frå speleoverskotet



3

Straumstøtte til frivillige lag og organisasjonar i 2025


Vi betalte ut over 41 millionar kroner i straumstøtte til frivillige lag og organisasjonar.

I 2025 fekk vi inn 12 377 søknader om straumstøtte. Dette er om lag på nivå med året før. Vi har halde fram med kvartalsvise søknadsrundar og løpande utbetalingar, slik at frivillige lag og organisasjonar får utbetalt støtta så raskt som mogleg.


Organisasjonane fekk dekt 90 prosent av prisforskjellen mellom 75 øre per kWh og timeprisane. Forbruket per time blir berekna ved hjelp av eit gjennomsnittleg forbruksmønster for frivillige organisasjonar.

Straumprisane i 2025 var om lag på nivå med prisane i 2024, og jamt over nokså låge. Det var ein liten oppgang i dei tre vintermånadene, men likevel ikkje noko som gav veldig store utslag på støttesatsane i tilskotsordninga samanlikna med året før. Dei relativt låge prisane ser ein att i oversikta over utbetaling per søknadsrunde og oversikta over støttesatsar per måned.

Figur 7: Utbetaling og tal søknader per runde



Figur 8: Oversikt over støttesatsar per måned



3

553 frivilligsentralar fekk driftstilskot

Sentralane fekk til saman 265,3 millionar kroner i driftstilskot for 2025.

I mai 2024 kunne kommunane søke om midlar til driftsåret 2025. I februar 2025 betalte vi ut 265,3 millionar kroner til 334 kommunar i Noreg. Desse midlane blei fordelte vidare på 556 frivilligsentralar. Det vil seie at kvar frivilligsentral fekk 477 101 kroner i tilskot. I oktober 2025 fekk kvar frivilligsentral ei tilleggstilskot på 2 511 kroner. Dette var restmidlar i ordninga på grunn av tilbakebetalingar.

To kommunar søkte etter fristen og fekk derfor ikkje godkjent søknaden. Desse søkte på vegner av éin frivilligsentral kvar. I tillegg betalte tre kommunar tilbake tilskotet for éin frivilligsentral kvar. Tilbakebetalingane gjaldt frivilligsentralar som ikkje var i drift i løpet av første kvartal 2025.

Vi har også utbetalt eit enkeltstående tilskot til Costa Blanca Nord frivilligsentral i Spania på oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Sentralen fekk tilsvarende beløp som frivilligsentralar i Noreg, men justert noko opp som følge av valutaulempar.

I mai 2025 gjennomførte vi søknadsrunden for driftsåret 2026, og 339 kommunar fekk godkjent søknader på vegner av 589 frivilligsentralar. Tre kommunar søkte etter fristen og fekk derfor ikkje godkjent søknaden. Desse søkte på vegner av éin frivilligsentral kvar. I ettertid har fire kommunar, på vegner av éin sentral kvar, trekt søknaden.

Analyseinstituttet Ideas2evidence har hausten 2025 gjennomført ei evaluering av tilskotsordninga for frivilligsentralar. Lotteri- og stiftelsestilsynet har gjennomført anskaffing og vore oppdragsgivar i dette arbeidet, på oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet.

Etterkontroll av tilskot til mangfalds- og inkluderings tiltak i idrett og fysisk aktivitet

I 2025 har vi halde fram med etterkontrollar av godkjende tilskot til mangfalds- og inkluderings tiltak i idrett og fysisk aktivitet.

Tilskot til mangfald og inkludering i idrett og fysisk aktivitet var ei søknadsbasert tilskotsordning med ein tidsavgrensa tilskotsperiode på to år. Vi har gjennomført to søknadsrundar. Første søknadsrunde hadde gjennomføringsperiode i 2022 og 2023, medan andre søknadsrunde hadde gjennomføringsperiode i 2023 og 2024.

Vi starta arbeidet med etterkontroll av godkjende søknader i 2024 og fortsette med dette arbeidet i 2025. Totalt har vi opna 106 etterkontrollar i ordninga. Ved utgangen av 2025 har vi ei handfull etterkontroll saker som ikkje er ferdig avslutta. Vi har plukka ut søknader til etterkontroll basert på ei risiko- og vesentlegvurdering. Mellom anna har vi kontrollert alle søknader som fekk tildelt over 1 million kroner gjennom ordninga.

I sakene vi har kontrollert, ser vi at dei aller fleste tilskotsmottakarane har gjennomført planlagde tiltak på ein god måte, og at tilskotsmidlane har blitt brukte til aktivitetane og prosjekta søknaden gjaldt. Enkelte tilskotsmottakarar har av ulike årsaker hatt problem med å få gjennomført planlagd aktivitet, og ein del mottakarar sit att med delar av tilskotsbeløpet etter gjennomført aktivitet.



Av dei 106 etterkontrollsakene vi har opna, har vi mottatt innbetaling av restmidlar i 23 av sakene. Vi har i tillegg mottatt innbetaling frå 15 tilskotsmottakarar som har betalt inn restbeløp dei ikkje har fått brukt opp i løpet av tilskotsperioden. Desse 15 mottakarane har ikkje vore ein del av etterkontrollen. Totalt har vi mottatt i underkant av 9,9 millionar kroner i restmidlar.

I 2025 har vi, på bestilling frå Kultur- og likestillingsdepartementet, laga eit notat som viser bruken av midlane i tilskotsordninga. Notatet inneheld også ei kortfatta oppsummering av forvaltninga av ordninga og ei kort oppsummering av gjennomført arbeid med etterkontrollar.

Avsluttande arbeid med covid-19-tilskot

Vi har i 2025 følgd opp gjenståande saker som gjaldt dei mellombelse kompensasjonsordningane for frivilligheita i samband med covid-19-utbrotet. Arbeidet har i hovudsak bestått i å følge opp nedbetalingsavtalar og innkrevjing. Fleirtalet av desse sakene gjeld organisasjonar som ikkje kan dokumentere inntektsbortfallet som dei fekk kompensasjon for.

I juli blei ein mann dømd til fengsel for grovt koronabedrageri etter at vi melde forholdet. Dette er den femte dommen i bedragerisaker knytte til krisepakkane vi forvalta. Vi håper og trur at desse dommane har ein førebyggjande effekt, slik at ingen fleire blir freista til å misbruke statlege støtteordningar.

Ved utgangen av 2025 var det framleis 21 saker som ikkje var endeleg avslutta. Dei fleste av desse sakene gjaldt organisasjonar som har inngått avtale om nedbetaling, eller som ligg hos Skatteetaten for innkrevjing. Vidare står det att å rapportere tildelingar til det nye Støtteregisteret.

Slik har vi forenkla for frivilligheita i 2025

Kultur- og likestillingsdepartementet er eigar av livshendinga «Starte og drive en frivillig organisasjon» og har involvert oss i fleire tiltak som skal gjere det enklare og mindre byråkratisk å vere frivillig i Noreg.

Ny direktoratsgruppe, felles føringar for statlege tilskotsordningar, tilskudd.no og vidareutvikling av Frivilligregisteret er nøkkelord for arbeidet.

Nytt oppdrag: etablere og koordinere ei direktoratsgruppe

Kultur- og likestillingsdepartementet meiner det er behov for å styrke arbeidet med frivilligheitspolitikken på tvers av fagdirektorat. I foreløpig tildelingsbrev for 2026 fekk derfor Lotteri- og stiftelsestilsynet i oppdrag å opprette og koordinere ei direktoratsgruppe. Relevante direktorat og underliggende verksemder med ansvar for tilskot eller samarbeid med frivillig sektor vil bli inviterte til å delta. Ei prioritert oppgåve for direktoratsgruppa vil vere å følge opp overordna mål for samordning og forenkling for frivillig sektor. Vi starta med å forankre og planlegge direktoratsgruppa i slutten av 2025 og vil ha dette som ei prioritert oppgåve i 2026. Rettleiaren og kartlegginga av dokumentasjonskrav som vi omtalar nærare nedanfor, vil bli sentrale i det vidare arbeidet med den nye direktoratsgruppa.

Rettleiar for forenkling av statlege tilskotsordningar for frivillige organisasjonar

I stortingsmeldinga om frivilligheitspolitikken (Meld. St. 10 (2018–2019)) står det at regjeringa vil gjere rettleiaren for forenkling av statlege tilskotsordningar til frivillige organisasjonar betre kjend og lettare tilgjengeleg for forvaltarar og frivilligheita. Regjeringa foreslo mellom anna å lage eit digitalt dokument som skal oppdaterast jamleg. I dokument 8:49 S (2022–2023) bad Stortinget regjeringa om å sette i gang eit arbeid for å harmonisere og forenkle søkbare ordningar som blir forvalta av statleg sektor.

I 2025 lanserte vi ei digitalisert og revidert utgåve av rettleiaren på tilskudd.no. Den viktigaste målgruppa for rettleiaren er forvaltarane som er på tilskudd.no, og det var derfor ein naturleg plass å publisere rettleiaren. Han gjekk då frå å vere i trykt versjon eller i PDF-versjon på nettet til å bli meir tilgjengeleg, fleksibel og enklare å endre ut frå behov, kunnskap og erfaringar.

En del av tekstene som stod i den gamle versjonen, særlig de som dreide seg om økonomilovverk og annen infrastruktur, er tatt ut og erstattet med lenker til originallovverket. Dette gjør at veilederen er betydelig kortere. Det er også gjort en god jobb med klarspråk i veilederen, og Frivillighet Norge vil berømme jobben som er gjort på disse områdene.

Frivillighet Norge

Rettleiaren er eit viktig verktøy for å få på plass felles føringar for statlege tilskotsordningar retta mot frivillig sektor. For å sikre at han blir brukt, har vi mellom anna gitt innspel i fleire aktuelle høyringsprosessar. I innspela har vi oppfordra til å ta i bruk og følge råda i rettleiaren, og vi ser allereie at nokre departement har tatt omsyn til innspela våre i vedtatte forskrifter. Etter lanseringa i april 2025 har rettleiaren hatt over 1100 unike sidevisingar.



Kartlegging av dokumentasjonskrav til frivillig sektor

Det er eit mål at frivillige organisasjonar berre skal rapportere informasjon til det offentlege éin gong. I 2024 starta vi eit arbeid med å kartlegge ordningane på tilskudd.no. Målet var å finne ut om det er mange organisasjonar som søker på fleire statlege tilskotsordningar med like dokumentasjonskrav. Vi såg at dette var nyttig, og i 2025 prioriterte vi å utvide arbeidet ved å lyse ut ein enkel tilbodskonkurranse.

Menon Economics AS vann oppdraget og kartla søknads- og rapporteringskrava som frivillige organisasjonar møter når dei søker om og rapporterer på statlege og ikkje-statlege tilskotsordningar. Utkastet til rapporten var ferdig i desember 2025, og rapporten blei lansert på eit frukostseminar i Oslo 28. januar 2026. Eit viktig mål med dette arbeidet er å få innsikt i kva forenklingstiltak som kan gi størst effekt for flest. Framover blir det viktig å følge opp anbefalingar og tiltak frå dette arbeidet.

Vidareutvikling av Frivilligregisteret – Deling Data Frivillig

I 2022 kom rapporten *Videreutvikling av Frivillighetsregisteret*. Vi bidrog med vår kunnskap om å legge til rette for forenkling for frivillig sektor. Rapporten inneheld konkrete råd om endringar i Frivilligregisteret. Vi jobbar saman med Brønnøysund-registera i prosjektet «Deling Data Frivillig» for å få gjennomført desse anbefalingane i registeret. Dei viktigaste endringane handlar om å gjere vedtektene til organisasjonane tilgjengelege og få fleire opplysningar om organisasjonane inn i registeret. I 2025 blei det utvikla eit API som gjer at vi kan dele data frå vårt fagsystem med Frivilligregisteret. På denne måten legg vi til rette for auka gjenbruk av opplysningar.

Fagsystemet vårt på tilskotsområdet

Vi fekk nytt fagsystem, Compus, på tilskotsområdet i 2020. Dette er grunnmuren vår og gjer det mogleg å drive effektiv og trygg forvaltning av tilskot. I 2025 har vi forvalta fem ordningar gjennom systemet, og tar vi omsyn til at moms kompensasjon blei utbetalt i to omgangar, er det gjort over 60 000 tildelingar.

3

Tilsyn med Grasrotandelen

I 2025 oppretta vi 16 tilsynssaker, og nokre av organisasjonane blei utestengde frå ordninga.

Lotteri- og stiftelsestilsynet fører tilsyn med Grasrotandelen ut frå tips og eigne risikovurderingar. Vi kan føre tilsyn med deltaking i ordninga, utbetaling av midlar og mottakarane sin tilgang til og bruk av midlane. Det er presisert at grasrotmidlane ikkje skal kome nærings- eller privatøkonomiske interesser eller typisk offentlege oppgåver til gode.

Det blei oppretta 16 tilsynssaker i 2025. To av desse blei avslutta med at mottakarane framleis er godkjende for deltaking i Grasrotandelen. Fire tilsyn har fått eit anna utfall, ved at organisasjonane har blitt utestengde frå Grasrotandelen. Fire tilsyn enda med at organisasjonane blei utmelde frå ordninga på eige initiativ grunna manglande aktivitet, medan eitt tilsyn blei avslutta utan vidare oppfølging. Fem tilsyn er framleis under behandling. I 2025 har vi også avslutta fem tilsynssaker som blei starta i 2024, og tre av sakene enda med vedtak om utestenging frå deltaking i Grasrotandelen. Den eine organisasjonen fekk dessutan krav om tilbakebetaling av grasrotmidlar.

879 millionar kroner til frivillige lag og organisasjonar

Det er i dag registrert rundt 39 000 grasrotmottakarar, og over 1,2 millionar kundar hos Norsk Tipping er registrerte som grasrotgivarar. Frivillige lag og organisasjonar i Noreg fekk i 2025 fordelt 879 millionar kroner gjennom Grasrotandelen. Det er ein auke på om lag 21 millionar kroner samanlikna med året før. Sidan starten i 2009 er det blitt utbetalt om lag 9 milliardar kroner til grasrota gjennom denne ordninga.

Dette er Grasrotandelen: Ein spelar hos Norsk Tipping kan bestemme at 7 prosent av speleinnsatsen skal gå til eit lag eller ein organisasjon som er registrert i Frivilligregisteret og godkjend som grasrotmottakar av Brønnøysundregistra. Dette er Grasrotandelen som spelaren gir til «sitt» lag.

Slik jobbar vi for at stiftelsane skal tene sine formål

Stiftelsar er viktige i mange sektorar, og interessa for organisasjonsforma aukar. Sjølv om det har blitt færre stiftelsar dei siste åra, har dei som kjem til ofte høg eigenkapital. Dermed veks verdiane. Samfunnet forventar bidrag frå stiftelsane – og ikkje minst effektiv offentleg kontroll.

Ein stiftelse blir regulert gjennom lov og sine egne vedtekter. Styret skal tolke vedtektene opp mot viljen til opprettaren og innanfor grensene av lova. Stiftelsestilsynet legg vekt på fellestiltak for å gjere informasjon og rettleiing tilgjengeleg, slik at stiftelsane skal gjere rett på første forsøk. Dette er effektivt for den enkelte stiftelsen, det sikrar verdiane, og det er effektiv bruk av offentlege ressursar. Det gir også god informasjon til samarbeidspartnarar og stiftelsane sine oppdragsgivarar.

Det er likevel behov for kontroll og tilsyn av om styret gjer jobben sin innanfor lovlege rammer og i lojalitet til stiftelsen. Stiftelsestilsynet utøver kontroll i samband med behandling av søknader, og i tillegg gjennomfører vi tematisyn og enkelttilsyn. I ei stadig meir digital tid er det behov for å ha sikre data i register og for å kunne innhente data frå andre kjelder. Tilgang til meir relevante og samanliknbare data vil kunne effektivisere tilsynsoppgåver og samstundes gi meir kunnskap om stiftelsane sine samfunnsbidrag.

Stiftelseslova har verka i 20 år og treng ein omfattande revisjon for å kunne dekke behova stiftelsane har i dag. Ei modernisert lov for stiftelsar må ta opp i seg det særskilte ved denne eigarlause og langsiktige selskapsforma, samstundes som ho dekker samfunnet sitt behov for kontroll og kunnskap på ein effektiv måte.

20 år med tilsyn: jubileum for stiftelseslova og Stiftelsestilsynet

Kontroll og regulering er avgjerande for at samfunnet skal ha tillit til det viktige arbeidet som skjer i norske stiftelsar.

Stiftelsestilsynet blei oppretta i 2005 i samband med at stiftelseslova tredde i kraft. Før 2005 fanst det inga samla oversikt over stiftelsane, og Fylkesmannen hadde kontroll med nokre typar stiftelsar.

Samfunnet ønskte auka og konsistent kontroll med stiftelsar, og i prosessen med lovarbeid blei det slått fast at det skulle etablerast eit samla tilsyn med stiftelsar: Stiftelsestilsynet, som blei lagt til Førde og fekk felles administrasjon med Lotteri-tilsynet.

Gjennom kontrolloppgåvene våre og Stiftelsesregisteret har vi opparbeidd svært god kjennskap til norske stiftelsar. Samstundes erfarer vi at kunnskapen om stiftelsar er mangelfull i samfunnet.

Derfor har vi over tid jobba med å spreie kunnskap om stiftelsar og samfunnsbidraget deira. Det har vi gjort gjennom eigne undersøkingar og gjennom arrangement der publikum får presentert nøkkeltal og heilskapen av kva stiftelsar bidrar med.

Stiftelsar er meir enn fond og pengar. Stiftelsar er også aktivitet og samfunnspilarar i dei fleste sektorar, mellom anna forskning, helse, museum og medium.

Samfunnet treng transparente stiftelsar som tar samfunnsansvar – med orden, godt styrearbeid og eit langsiktig blikk på formålet. Det har vi i Stiftelsestilsynet passa på i 20 år, og det skal vi halde fram med å gjere.

Korleis kan stiftelsar sikre tillit, kunnskap og verdiar for framtida?

Som ein del av 20-årsmarkeringa inviterte Stiftelsestilsynet til lunsjseminar i Oslo i oktober. Temaet var «Korleis kan stiftelsar sikre tillit, kunnskap og verdiar for framtida?».

Seminaret inngjekk i ei todelt markering av den europeiske stiftelsesdagen, der Stiftelsesforeningen hadde eit arrangement tidlegare same dag. Tittelen for dagen var «Stabilitet i ei uroleg verd». Målet var å dele kunnskap om stiftelsar og bidra til samtalar om stiftelsar si rolle i samfunnet i ei uroleg verd.

Innleiarar som Nicolai Tangen (AKO Kunststiftelse), Alexandra Bech Gjørsv (Stiftelsen SINTEF) og Søren Staugaard Nielsen (Rambøll Fonden) bidrog med sine perspektiv på korleis verdiar som kunst, forskning og næringsutvikling kan sikrast gjennom stiftelsar. Søren Corfixsen Whitt (Erhvervsstyrelsen) gav ei innføring i den sentrale rolla næringsdrivande stiftelsar har i det danske samfunnet, og korleis danske myndigheiter fører kontroll for å bidra til trygge stiftelsar.



Nicolai Tangen frå AKO Kunststiftelse



Seminarer samla 150 deltakarar og blei avrunda med ein panelsamtale med temaet «Hvilken rolle kan stiftelser spille i en urolig verden, og hvordan styrke den?».

Styra må sørge for orden i sysakene

I 2025 har Stiftelsestilsynet sett søkelyset på grunnleggande krav til godt styrearbeid. Kva må styret ha på plass, og korleis kan styret sørge for orden i sysakene?

Vi har samla erfaringar frå 20 år med tilsyn og kontroll i eit foredrag med tittelen «Orden i sysakene». Dette foredraget har vi halde fleire gonger i 2025: i Drammen, Trondheim og Oslo, og dessutan på fire regionale seminar i regi av Stiftelsesforeningen.



3

For å sikre at stiftelsar driv lovleg og forsvarleg, har vi jobba førebyggjande med å gi informasjon om utvalde tema. Å ha orden i sysakene er ein føresetnad for godt styrearbeid og for å få realisert formålet. Vi har sett søkelyset på fem tema som styret må ha kontroll på:

1. Kjenn vedtektene
2. Ha rutinar for styrearbeid og internkontroll
3. Ha ein skriftleg plan for styrearbeidet
4. Ha det formelle i orden – følg krava til styret si saksbehandling
5. Ha eit aktivt forhold til krava til habilitet

Foredraget blir supplert med rettleiingstekstar på nettsiden. Der har vi sjølvtestar og sjekklister som styret og dagleg leiar kan nytte for å sikre at dei driv lovleg.

Gjennom foredragsturneen og seminarane med Stiftelsesforeningen har Stiftelsestilsynet på ein effektiv måte nådd ut til mange stiftelsar med informasjon om kva vi forventar at stiftelsane har på plass.

Vi erfarer at stiftelsane set pris på å få tilført kunnskap på «heimebane», og at vi når ut til fleire stiftelsar ved å reise rundt i landet. For oss som tilsyn er det nyttig å få innsikt i kva som rører seg i Stiftelses-Noreg. Når vi får vite kvar skoen trykker, kan vi legge ut nyttige rettleiingar på nettsidene våre.




Trenden med færre, men meir robuste stiftelsar held fram

Det har vore ein stabil trend dei siste åra at talet på stiftelsar blir litt lågare for kvart år. 2025 var ikkje noko unntak.

I løpet av 2025 var det fleire enn dobbelt så mange saker om oppheving og sletting frå Stiftelsesregisteret (220) som saker om nyregistrering (94).

Det er òg ein stabil trend at den samla bokførte eigenkapitalen blant stiftelsane i Stiftelsesregisteret aukar år for år. Særleg bidrar sparebank- og finansstiftelsar til dette. Blant stiftelsane som kom til i 2025, var åtte sparebankstiftelsar. Alle desse sparebankstiftelsane var på lista over dei ti største nye stiftelsane målt etter eigenkapital. Dei ti største nye stiftelsane hadde til saman 6,8 milliardar kroner i eigenkapital.

Åtte nye sparebankstiftelsar i 2025 er ei dobling frå 2024, då fire sparebankstiftelsar blei registrerte som nye stiftelsar. Den største nye stiftelsen i 2025 målt i eigenkapital var finansstiftelsen Forsikringsstiftelsen JBF med nærare 2,8 milliardar kroner.



Ny versjon av Stiftelsesregisteret og nye lovkrav

Ei av hovudoppgåvene til Stiftelsestilsynet er å føre Stiftelsesregisteret, der alle stiftelsar skal vere registrerte. Stiftelsesregisteret er tilgjengeleg for alle på www.stiftelsesregisteret.no. Registeret gir viktig informasjon om stiftelsane. Mellom anna kan ein laste ned vedtekter og sjå kven som sit i styret i dei ulike stiftelsane.

Vi lanserte ny publikumsversjon av Stiftelsesregisteret i januar og har arbeidd vidare med kvaliteten på registeret gjennom heile året.

3

Stiftelsestilsynet arbeider for at opplysningane i Stiftelsesregisteret i størst mogleg grad og til kvar tid skal vere sikre og korrekte. I 2025 gjennomførte vi tiltak for å heve kvaliteten på registrerte opplysningar om opprettarar. Vi gjorde til saman 378 innføringar i felt der Stiftelsesregisteret tidlegare hadde mangla opplysningar om namnet på opprettaren.

I 2025 vedtok Stortinget nye lover om Einingsregisteret og om Føretaksregisteret. Endringane tok til å gjelde 1. januar 2026. Med lovendringane trer det òg i kraft endringar i stiftelseslova som har betydning for Stiftelsesregisteret. Frå 1. januar 2026 skal det gå fram av registeret om stiftelsen er alminneleg eller næringsdrivande. Dessutan krev lova at vi skal sende stiftelsen ei oversikt over det som er registrert i Stiftelsesregisteret etter ei endring.

Mot slutten av 2025 informerte vi stiftelsane om dei nye reglane som gjeld frå 1. januar 2026, gjennom nettstaden vår og i nyheitsbrev. I løpet av 2026 følger vi opp dei nye lovkrava med tiltak for å auke kvaliteten på registeropplysningane.

Rettleiing gjennom fellestiltak

Stiftelsestilsynet har i 2025 prioritert å gi informasjon om regelverk gjennom fellestiltak. Vi har halde fram arbeidet med å gi klar informasjon om viktige tema på nettsidene våre.

Nyheitsbrevet når stadig fleire

Sidan oppstarten i 2024 har vi hatt ein jamn auke i tal abonnentar på nyheitsbrevet vårt. Her når vi ut til stadig fleire stiftelsar og aktørar som jobbar opp mot stiftelsane. No er vi oppe i 1100 abonnentar, og nyheitsbrevet har gode lesartal. Opningsraten ligg i gjennomsnitt rundt 70 prosent, og nærare 40 prosent av dei som opnar nyheitsbrev, går vidare til nettstaden vår for å lese meir.

Nyheitsbrevet blir sendt ut om lag annankvar månad. Innhaldet vekslar mellom informasjon om regelverksendringar, rettleiing om krav til styret og nyheiter. Vi informerer også om kvar stiftelsane kan treffe Stiftelsestilsynet på foredrag og liknande.


Tilbakemeldingane er at nyheitsbrevet gir informasjon som er relevant for brukarane våre.

Nye nettsider om tema vi ser at stiftelsane treng kunnskap om

I 2025 har vi halde fram arbeidet med å betre informasjonen på nettsidene våre. Gjennom arbeidet som tilsynsorgan ser vi problemstillingar som går att hos mange stiftelsar. Vi bruker nettstaden vår aktivt til å informere og rettleie for å førebygge brot på lova.

På bakgrunn av spørsmål vi får, forhold vi ser gjennom søknadskontrollen, og tema vi behandlar i enkelttilsyn, har vi prioritert å styrke informasjonen om nokre tema i 2025:

3



- Godtgjersle til styret og dagleg leiar

Mange spør om dette, og spørsmålet dukkar også opp i enkelte opphevings-saker. I 2025 har vi hatt eitt enkelttilsyn om godtgjersle i form av lønn og bonus-utbetalningar til dagleg leiar, og eitt enkelttilsyn om utbetaling til styreleiar i samband med oppheving.

- Habilitet

Habilitet er alltid eit aktuelt tema, og vi ser at ein del strevar med den særskilte habilitetsregelen i stiftelseslova § 37 andre ledd. Vi ser også at fleire revisorar tar opp dette i sine brev til styra, som Stiftelsestilsynet får kopi av.

- Utdelingar i stiftelsar

For styret er det avgjerande å vite kva som er ei «utdeling» etter stiftelseslova, for å kunne sikre at dei driv stiftelsen i samsvar med lova. Det same gjeld revisor, som skal kontrollere styret og uttale seg særskilt om utdelingar.

- Konflikt i stiftelsar

Når vi får melding om forhold i ein stiftelse, er det ofte samarbeidsproblem i styret eller leiinga som ligg til grunn. Det er styret sitt ansvar å samarbeide til det beste for stiftelsen. Styret bør jobbe førebyggjande og følge grunnleggjande krav til styrebehandling for å unngå konflikter.

3

Ny rettleiing om dekningslov og arvelov

I tillegg til å føre tilsyn med og kontroll av stiftelsar har Stiftelsestilsynet ansvaret for å gjere vedtak etter dekningslova og arvelova. Vedtaka gjeld private beslagsforbod, bandlegging av arv og sperring av erstatningsbeløp.

Vi opplever at regelverka er til dels uklare og svært utfordrande å forstå for aktørane, også for domstolar, statsforvaltarar og advokatar. Dette gjer at vi opplever stor pågang for å få rettleiing, og at det er vanskeleg å få fullstendige søknader på første forsøk.

Derfor har det vore stort behov for å utvikle nye nettsider på desse områda. I 2025 har vi saman med NTB Arkitekt utarbeidd nye rettleiingssider. I forkant kartla vi typiske problemstillingar frå brukarane. Det spesielt viktig å få kartlagt kva feil som oftast blir gjorde i søknadsprosessen, for å legge til rette for betre kvalitet på søknadene.

I samband med publisering av nye nettsidetekstar var det òg viktig å avklare med andre sentrale aktørar at vi har ei felles forståing av desse særreignede rettsområda og av andre regelverk som ligg tett opp til desse. Vi hadde derfor først eit møte med Justisdepartementet og deretter eit møte med Oslo tingrett og Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus.

Vi håper at betre informasjon på nettsidene og meir brukarvennleg søknadsrettleiing vil redusere mengda telefonar og behovet for å be søkarane om ytterlegare informasjon. Samla sakstfang på desse områda var stabilt i 2025.

Enkeltvis rettleiing til stiftelsar

I tillegg til generell rettleiing gjennom fellestiltak gir Stiftelsestilsynet konkret rettleiing til stiftelsar. Spørsmåla kjem i stor grad frå styremedlemmer som treng rettleiing om styrearbeid, men også frå andre som jobbar for eller samarbeider med stiftelsar.

Dei siste åra har vi sett ein auke i skriftlege rettleiingssaker til stiftelsane. I 2024 hadde vi 203 saker der vi gav skriftleg rettleiing. I 2025 auka talet til 290. Vi ser ein klar auke innanfor rettleiing om styre, dagleg leiar og andre organ, og rettleiing om omdanning av vedtekter. Det er naturleg å sjå auken på desse områda i samanheng med nye lovkrav frå 2025 om kjønnsamansetting i styret og nye krav til namn på stiftelsar («STI»).

I tillegg får vi kvart år eit stort tal telefonar og e-postar om behov for rettleiing. Via eit skjema på nettstaden kan brukarar dessutan sende inn generelle spørsmål som dei raskt får generelle svar på.

Stor auke i talet på søknader om endring av stiftelsar

I 2025 var det ein stor auke i søknader samanlikna med åra før. Det gjaldt spesielt søknader om vedtektsendringar.

I løpet av året fekk vi 1223 søknader om vedtektsendring, mot 503 i 2024 og 384 i 2023. Ein stor del av auken kan tilskrivas dei nye reglane om kjønnsamansetting i styret og namn på stiftelsar. Desse reglane omfattar svært mange stiftelsar, og det følger av overgangsreglane at vedtektene må vere i samsvar med dei nye lovkrava innan 1. juli 2026. Ein del av auken kan også tilskrivas at vi no avviser søknader som manglar nødvendig dokumentasjon.

Det er verdt å merke seg at talet på saker om nyregistrering har vore relativt stabilt over fleire år: 95 i 2025, 95 i 2024 og 99 i 2023. Det same gjeld fleire andre saks-typar, for eksempel oppheving av stiftelsar: 205 i 2025, 209 i 2024 og 204 i 2023.

Oversikt over søknader i 2025

	2022	2023	2024	2025
Stiftelsar				
Nyregistrering	93	99	95	95
Kapitalendring	34	73	52	33
Dispensasjonar	5	9	9	9
Oppnemning av styre	4	5	7	7
Vedtektsendring	437	384	503	1223
Oppheving	164	207	209	205
Samanslåing	26	18	25	18
Deling	-	3	-	2
Sum søknader frå stiftelsar	772	798	900	1592
Oppheving av bustadstiftelse oppretta av kommunar				
Melding om oppheving av bustadstiftelse		8	16	13
Andre saksområde				
Uråderett – stiftelseslova § 55	22	17	10	12
Beslagsforbod etter dekningslov og arvelov	197	193	174	194
Samvirkeføretak	1	2	1	1
Sum søknader etter anna lovverk	220	212	185	207

Fleire klagesaker i 2025

I 2025 var talet på klagesaker 31, mot 23 året før. Vi må tilbake til 2016 for å sjå fleire mottatte klager i løpet av eitt år – då var talet 38.

Auken i talet på klagesaker kom i all hovudsak av at vi fekk 19 klager på vedtak om omdanning av vedtekter. Det er ein auke på 137,5 prosent, frå 8 klager om vedtektsendringar i 2024. Søknader om vedtektsendring auka med 143 prosent frå 2024 til 2025. Forholdet mellom tal søknader og tal klager har med andre ord halde seg stabilt.

I 2025 fekk vi ingen klager på vedtak i tilsynssaker. Vi må tilbake til 2022 for å finne den siste klagesaka som gjeld Stiftelsestilsynets vedtak i tilsynssaker.

3

I mai 2025 avsa Trøndelag tingrett dom i sak om søksmål frå Boligstiftelsen i Trondheim om gyldigheita av vedtaket til Stiftelsesklagenemnda av 12. september 2024. Tingretten kom til at vedtaket til Stiftelsesklagenemnda er gyldig. Avgjerda blei anka til Frostating lagmannsrett, og ankeforhandling er fastsett til februar 2026.

Auke i revisorbrev og tips/melding om forhold i stiftelsar

Talet på tilsynssaker held fram med å auke. I 2025 var det 442 saker, medan vi i 2024 hadde 432 saker. Av dette var 290 revisorbrev og 74 tips/meldingar om forhold i stiftelse.

Auken gjeld særleg revisorbrev og tips/meldingar. Tal revisorbrev har auka frå 179 i 2023 og 227 i 2024 til 290 i 2025. Det utgjer ein auke på 21 prosent frå 2024 til 2025. Revisorbrev er ei viktig informasjonskjelde i tilsynsarbeidet vårt, og auken gir Stiftelsestilsynet meir informasjon om kva som rører seg.

Ei forklaring på auken kan vere at Stiftelsestilsynet i 2024 og 2025 har arbeidd spesielt med å styrke revisorar sin kunnskap om og kontroll av stiftelsar. Gjennom foredrag, ein rettleiar for revisorar og kontakt med Revisorforeningen har vi vore opptatt av å bevisstgjere revisorar på den viktige rolla revisjon har i stiftelsar. Ei forklaring kan også vere at fleire revisorar har blitt merksame på plikta til å sende kopi til Stiftelsestilsynet av nummerert kommunikasjon.

Talet på tips eller meldingar om forhold i stiftelse har auka med 18 prosent frå 2024 til 2025. Auken kan ha samanheng med at vi har jobba for å vere meir synlege, mellom anna gjennom informasjon og rettleiing overfor omverda.

Vi løyser framleis dei fleste førespurnadene med rettleiing og påpeiking av plikter overfor stiftelsane. Vi opnar få enkelttilsyn og prioriterer dei mest alvorlege sakene.

Oversikt over hendingar registrerte som saker og vår oppfølging av dei

	2023	2024	2025	Oppfølging
Nye hendingar der vi ser avvik eller risiko for avvik	242	296	376	Alle saker blir risikovurderte. Oppfølginga av saka og val av verkemiddel følger av den dokumenterte risikovurderinga.
Frå revisorbrev	179	227	290	Alle revisorbrev blir risikovurderte. Dei fleste revisorbrev blir følgde opp med påpeiking av plikter og rettleiing. Dersom tipsa gjeld forhold med høg risiko, gjennomfører vil tilsyn og kontroll.
Frå tips/meldingar	50	53	74	Alle tips blir risikovurderte. Oppfølginga av saka og val av verkemiddel følger av den dokumenterte risikovurderinga.
Ekstern varsling om forhold i stiftelse	4	6	3	Alle offentlege verksemder er pålagde å ta imot varsling i samsvar med nasjonale retningslinjer. Slike varsel blir følgde opp på same måte som tips.
Media og annan overvaking mv.	5	6	4	Vi overvaker media og fangar opp saker som vi risikovurderer. Dei fleste blir følgde opp med rettleiing, men for forhold med høg risiko gjennomfører vi tilsyn og kontroll.
Bakgrunn i søknadskontroll	2	3	5	Vi behandlar søknader om omdanning frå stiftelsane. Under dokumentasjonskontrollane kan vi sjå risikoar som vi må følge opp.
Melding om forhold i stiftelse frå anna kontrollorgan	2	1	0	Vi samarbeider strategisk med andre kontrollorgan, slik at vi kan få melding dersom dei oppdagar hendingar i stiftelsane.

Nærare om korleis vi har følgd opp hendingane ved annan risiko

	2023	2024	2025	Oppfølging
Registerbaserte tilsyn – standardavvik henta frå offentlege register:	76	136	68	Dersom vi fangar opp konkrete avvik, sender vi ut brev med påminning og påpeiking av plikter. Dette gjeld både dersom det ikkje er registrert revisor eller styre, og dersom det ikkje er levert årsrekneskap. Desse breva sender vi samla til dei aktuelle stiftelsane som registerbaserte tilsyn.
Ikkje registrert revisor	35	41	32	Vi sender ut brev dersom stiftelsen ikkje har registrert revisor.
"Ikkje registrert riktig styre Ikkje vedtaksført styre"	29	78	9	Vi sender ut brev dersom stiftelsen ikkje har registrert styre. Vi sender ut brev dersom talet på styremedlemmer som er registrert som styre, er lågare eller høgare enn talet i stiftelsens vedtekter.
Ikkje levert årsrekneskap	7	17	24	Vi sender ut brev dersom stiftelsen ikkje har levert årsrekneskap. Ved gjentakande brot på rekneskapsplikta, vurderer vi melding til politiet.
Spørsmål knytte til heimel til fast eigedom	4	0	0	I saker der vi ser at stiftelsane ikkje har eintydig heimel til fast eigedom, f.eks. manglar organisasjonsnummer i grunnboka.
Andre avvik	1	0	3	
Dialog og rettleiing	211	343	368	Dialogbasert tilsynsarbeid. Eit strategisk val har vore å gå i dialog med styra i stiftelsar så tidleg som mogleg. Vi rettleiar og får forsikringar frå styra på at dei jobbar forsvarleg. Dialog med styra i stiftelsane kan vere både munnleg i møte og skriftleg.
Tematilsyn	10	0	0	Planlagt tilsyn med fleire stiftelsar om utvalde tema/ område basert på heilskapleg risikovurdering. I 2018 var temaet kapitalforvaltning (20 stiftelsar) og i 2021 formålsrealisering (37 stiftelsar). I 2023 handla tematilsynet om transaksjonar med stiftelsens nærståande (10 stiftelsar).
Samordna tilsyn	0	1	1	Tilsyn som gjeld fleire lover og er samordna med anna tilsynsorgan.
Enkelttilsyn (kontrollsak)	3	2	6	Tilsyn er verkemiddelet vi nyttar i dei mest alvorlege sakene, og i saker der det er høg risiko for store manglar og konsekvensar for stiftelsen. I desse sakene innhentar vi omfattande dokumentasjon og opplysningar frå stiftelsen og andre aktørar. Sakene endar alltid med tilsynsrapport eller meir omfattande brev til stiftelsen. Vår strategi er å redusere talet på store tilsyn og heller nytte andre førebyggjande verkemiddel. Talet på slike saker vil likevel variere med kva som skjer i stiftelsane. Der tilsyn er rett verkemiddel, skal vi nytte det.
Andre saker	6	0	1	
Totalt tal saker	318	432	444	Sum alle tilsynssaker. Av desse blir dei fleste følgde opp med førebyggjande verkemiddel, som rettleiing og registerbaserte tilsyn.

3

Registerbasert tilsyn sikrar rett organisering

Stiftelsestilsynet har også i 2025 ført tilsyn og kontroll med registeropplysingar. Det er førebyggjande og effektivt å sende standardiserte påminningar om tiltak stiftelsane må sette i verk for å rette opp manglar i registreringa.

I 2025 sende vi brev om registeropplysingar til færre stiftelsar enn i 2024.

Vi prioriterer dei tilfella der stiftelsar manglar revisor, manglar styremedlemmer eller ikkje leverer årsrekneskap. Dette er forhold som indikerer klare manglar i organiseringa av stiftelsen, og som vi ut frå ei generell risikovurdering meiner det er viktig å få retta.

Det er avgjerande for stiftelsen å ha revisor og eit riktig samansett styre som kan ta avgjerder på vegner av stiftelsen. Vedtektene bestemmer kor mange styremedlemmer stiftelsen skal ha. Stiftelsen sin revisor skal vere registrert i Stiftelsesregisteret. Manglande levering av årsrekneskap er ofte ein indikator på manglande styring og kontroll med rekneskap og kapital.

Styrking av revisors kunnskap og kontroll

I 2025 har Stiftelsestilsynet halde fram arbeidet med å styrke revisorane sin kontroll med stiftelsar. Vi har revidert rettleiaren for revisorar, og hausten 2025 heldt vi foredrag om kontroll med stiftelsar på fagseminar for Revisorforeningen.

Alle stiftelsar har revisjonsplikt. Revisjonsplikta er viktig for tilliten til stiftelsesforma. Revisor sin uavhengige kontroll gjer at samfunnet skal kunne ha tillit til at stiftelsar blir drivne i samsvar med vedtektene og lova.

Revisorar er ei prioritert målgruppe for Stiftelsestilsynet. Å styrke revisorane sin kunnskap og kontroll vil vere effektivt for å sikre at stiftelsar tener formåla sine og driv i samsvar med vedtektene og stiftelseslova. Vi prioriterer fellestiltak for å nå mange.

I 2025 har vi revidert rettleiaren vår for revisorar. Ny versjon blir publisert på nettstaden i starten av 2026. Vi har fått tilbakemeldingar frå revisorar om at rettleiaren er eit nyttig verktøy. Rettleiaren gir oversikt over dei særskilde pliktene revisor har ved revisjon av stiftelsar, og sentrale krav lova stiller til styret. Revisor må ha kunnskap om desse for å kunne gi sin uttale i revisjonsmeldinga.

I samarbeid med Revisorforeningen har vi jobba for å gjere rettleiaren kjend for revisorar. I tillegg har vi halde foredrag om revisor sin kontroll i stiftelsar på fagseminar for foreininga, og vi har skriva ein artikkel i fagtidsskriftet Revisjon & Regnskap, som Revisorforeningen gir ut. Våren 2026 skal vi spele inn e-læringskurs for revisorar.

3

Forarbeid til tematisyn i 2026

Å realisere formålet er den viktigaste oppgåva styret i stiftelsar har. Neste år vil Stiftelsestilsynet ha utdelingar som tema i eit tematisyn. Vi vil konsentrere oss om pengeutdelande stiftelsar. I 2025 har vi gjort forarbeid og planlagt tematisynet.

Målet med tematisynet er todelt: Først vil vi innhente kunnskap om utdelingar i stiftelsar gjennom ei undersøking som skal gå ut til eit større tal utdelingsstiftelsar. Deretter vil vi samanstillе informasjonen og på bakgrunn av det velje ut stiftelsar vi vil føre enkelttilsyn med.

Funna i undersøkinga og i enkelttilsyna vil bli samanstilte i eit kunnskapsprodukt. For Stiftelsestilsynet er det viktig å sette søkelyset på temaet og å legge til rette for at også andre stiftelsar kan lære og få verktøy til å sjekke at dei driv lovleg.

Tematisynet er ei oppfølging av tematisynet i 2021 om formålsrealisering.

Nasjonalt samarbeid – med kontrolletatar og andre

Stiftelsestilsynet har kontakt med andre kontrolletatar i enkeltsaker og på overordna nivå. Det same gjeld myndigheiter som yter tilskot til stiftelsar. Vi held fram med strategiske samarbeid med andre aktørar.

I 2025 har vi hatt kontaktmøte med Finanstilsynet, i tillegg til dialog i enkeltsaker. Finanstilsynet fører tilsyn med finans- og sparebankstiftelsar, og vi har mellom anna hatt dialog om høyringssvar til NOU 2024: 22 *Norske sparebanker – tradisjon og tilpasning*. Finanstilsynet fører også kontroll med revisorar, som er ein sentral kontrollaktør i stiftelsar. Vi har utbytte av gjensidig læring og informasjonsutveksling på feltet. Stiftelsestilsynet har også løpande kontakt med Brønnøysundregistra.

Andre kontrolletatar vi har kontakt med, er Skatteetaten, Arbeidstilsynet og politiet. I tillegg kommuniserer vi med myndigheiter som har tenesteregelverk for aktivitatar og/eller gir tilskot til stiftelsar, for eksempel Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet og Kulturdirektoratet.

Tilskotsytarar har ofte meir konkrete heimlar enn dei som følger av stiftelseslova, og dei har høve til å stille vilkår til mottakarane. Dette gir grunnlag for effektiv oppfølging og kontroll frå tilskotsytar. Vi prioriterer å ha dialog med offentlege tilskotsytarar i enkeltsaker og ved behov.

I 2025 tok vi initiativ til eit møte med Oslo tingrett og verjemålsavdelinga hos Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus om regelverket om private beslagsforbod og bandlegging av arv og gåver. Målet med møtet var å sikre ei felles forståing av regelverket, slik at privatpersonar og advokatar i desse sakene får lik rettleiing. Vi vil fortsette å ha kontaktmøte med desse instansane i 2026.

Stiftelsestilsynet har også eit strategisk samarbeid og kontakt med andre aktørar, mellom andre Revisorforeningen, Stiftelsesforeningen og Sparebankforeningen. Samarbeidet omfattar utveksling av informasjon, rolleavklaringar og deltaking på arrangement. Det er viktig for å nå ut med kunnskap om stiftelsar og regelverket vi fører tilsyn med.



Avdelingsdirektør Siw Heggedal Longvastøl i Stiftelsestilsynet og Karianne Bjellås Gilje, som er dagleg leiar i Stiftelsesforeningen. Foto: Stiftelsesforeningen.

Samarbeid under Arendalsuka: Stiftelsane si rolle for å sikre norsk eigarskap

Under Arendalsuka deltar mange stiftelsar, både med egne arrangement og i debattar om viktige tema i samfunnet. Stiftelsestilsynet har i fleire år samarbeidd med Stiftelsesforeningen om eit arrangement som aktualiserer rolla til stiftelsar i samfunnet.

I 2025 var temaet kva rolle stiftelsar kan ha for å sikre langsiktig norsk eigarskap, og korleis samfunnet kan legge til rette for at norske stiftelsar kan vere motorar for forskning og næringsutvikling.

Vi såg mellom anna til Danmark og danske stiftelsar si rolle både med å sikre dansk eigarskap og med å gi viktige bidrag til forskning og som skatteytarar. Ein av deltakarane i panelet var Camilla Stoltenberg frå NORCE Research. Ho var opptatt av status for norsk og internasjonal forskning, etterlyste strategisk uavhengigheit innan forskning og meinte at stiftelsar kan bidra til den uavhengigheita.

Dei rammene samfunnet set rundt stiftelsane, har betydning for å sikre stiftelsane og samfunnet sitt behov for kontroll. I den samanhengen blei det peika på at det er behov for oppdatert lovverk for å sikre utviklinga av norske stiftelsar.

3

Internasjonalt samarbeid

Det er viktig å lære av andre, og Stiftelsestilsynet deltar årleg i samarbeid med nordiske myndigheiter og i det europeiske forumet for stiftelsar.

Nordisk samarbeid er nyttig og viktig for direktorata og tilsyna i Skandinavia. Historisk har desse landa eit slektskap, og når det gjeld lovgiving på ulike fagområde, er det både likskapar og ulikskapar mellom landa.

I 2025 var Länsstyrelsen i Stockholm vertskap for det nordiske kollegiet. På det årlege nordiske møtet deler tilsynsmyndigheitene erfaringar og diskuterer konkrete saker. Sentrale tema på årets møte var forslag til endring i stiftelseslov i Danmark, styret sine plikter, habilitet, rolleblanding, konflikt i styret, vedtaksførheit og godtgjersle for styrearbeid i stiftelsar.

I samband med den europeiske stiftelsesdagen i Oslo i oktober og 20-årsmarkeringa for Stiftelsestilsynet fekk publikum innsikt i danske forhold. Søren Staugaard Nielsen, som er administrerande direktør i Rambøll Fonden, snakka om korleis kulturell kapital og verdiar bygger framtida, med utgangspunkt i næringsdrivande stiftelsar. Vår danske kollega Søren Corfixsen Whitt, kontorsjef for Erhvervsstyrelsen, delte innsikt om korleis danske myndigheiter bidrar til trygge stiftelsar. Dette er viktige innspel med tanke på vidare regelverksutforming også i Noreg.



Kollegaer frå Länsstyrelsen Stockholm og Västra Götaland, Civilstyrelsen og Erhvervsstyrelsen i Danmark og Stiftelsestilsynet samla i Stockholm til nordisk møte.

3

Philantropy Europe Association (Philea) arrangerer årleg ein konferanse for europeiske stiftelsar og donorar/givarar. I 2025 blei Philea Forum halde i Lisboa i Portugal. Konferansen sette søkelyset på aukande ulikskap og maktubalanse i samfunnet, og kva konsekvensar det får for polarisering og demokrati. Kva strukturar er det som opprettheld ubalansen, og korleis kan filantropien stabilisere og hjelpe til med å bygge eit meir rettferdig samfunn? Det blei peika på at oppdatert regulering og kontroll vil vere med på å gi samfunnet den nødvendige tilliten til stiftelsane og dermed sikre filantropien sine bidrag.

Stiftelsestilsynet har også samarbeidd med Skatteetaten om det norske bidraget til Philea-rapporten *The Fabric of Giving 2025: Public-Benefit Foundation Data in Europe* om nasjonale retningslinjer for stiftelsesrett og skatterett. Rapporten gir ei oversikt over regelverk og føringar for stiftelsar i kvart europeisk land, slik at ein kan samanlikne rammevilkåra på tvers av landa.

Styring og kontroll i verksemda

Hovudelementa i styring og kontroll

Internkontroll og risikostyring

Kultur- og likestillingsdepartementet sin instruks om økonomi- og verksemdsstyring stiller krav til verksemda. Verksemda skal halde høg kvalitet og skal drivast effektivt og i samsvar med lover, reglar og mål. Direktøren har det overordna ansvaret overfor departementet på alle område, og instruksjonen slår fast at direktøren har ansvar for den daglege leiinga av verksemda. Løpande leveransar og etablert drift blir delegert vidare frå direktøren til avdelingane gjennom organisering, roller og fullmakter. Leiarmøte blir halde kvar veke.

Vi har utarbeidd eit internt styringsdokument som slår fast prinsipp og retningslinjer for styringslinjer, fullmakter, styringsprosessar med meir. Styringsprosessane følger årshjulet for budsjettarbeid og rapportering, og styringskalenderen frå departementet med mellom anna to årlege etatsstyringsmøte. Før kvart etatsstyringsmøte blir risikovurderinga på verksemdnivå oppdatert.

Verksemdplan og driftsbudsjett blir utarbeidd før jul for det kommande året, og revidert ved halvårsgjennomgang av verksemdplan og strategi i juni månad.

Internkontroll og støttesystem for styring og rapportering er prioritert i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Vi nyttar systemløysinga til Compendia for internkontroll-dokumentasjon og oppfølging av avvik. Til årsplanlegging, risikovurdering og rapportering nyttar vi Corporater si løysing.

Leiarane har halvårlege rapporteringsmøte med direktøren. Tema er årsplan, status og prioriteringar. Leiargruppa har felles gjennomgang av nøkkelkontrollar og avvik to gonger årleg.

Økonomistyring og innkjøp

Rekneskapen er omtala i del 6.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har fullservicemodell hos DFØ. Det er viktig å hente ut mest mogleg effektivitet av samarbeidet. I 2025 har vi tatt i bruk dei statlege standardane for periodisert rekneskap.

Ein stor del av varekjøpa våre, mellom anna innan IT, gjer vi også innanfor dei sentrale rammeavtalane som er forhandla fram av DFØ.

Arbeidet med å motverke arbeidslivskriminalitet gjennom handtering av innkjøp er eit ansvar statleg sektor har i fellesføringane. Lotteri- og stiftelsestilsynet har dette aspektet med ved anbudsprosessar og inngåing av kontraktar. På våre innkjøpsområde vurderer vi risikoen for arbeidslivskriminalitet som liten.

3

Riksrevisjonen

Riksrevisjonen sine tilbakemeldingar for 2024-rekneskapen har vore gode, og det var ingen merknader. Vi har ikkje mottatt revisjonsrapport for 2025.

Vi har hatt fleire prosessgjennomgangar med Riksrevisjonen, og dialogen er god.

Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Lotteri- og stiftelsestilsynet er sertifisert som Miljøfyrtårn. Sertifiseringsordninga skal hjelpe bedrifter med å dokumentere og forbetre arbeidet med miljø og samfunnsansvar. Sertifiseringa har mellom anna bidratt til at vi har gjennomført fleire tiltak:

- utarbeiding av policy for klima og miljø
- nye og oppdaterte rutinar for avfallshandtering
- oppdatert prosedyre for innkjøp, anbod og prisførespurnad

Tiltaka medverkar til at vi blir ei meir berekraftig verksemd. Gjennom å vere Miljøfyrtårn har vi forplikta oss til å halde fram med å redusere miljøpåverknaden vår.

I 2025 har vi for første gong stilt klima- og miljøkrav i ein offentleg anbodsprosess. Anbudet gjaldt drift av nettstadene våre.

Vi har over tid sett i verk ei rekke tiltak for byggdrift. Det er innført fjordvarme som varmekjelde, vi er i gang med å byte all belysning til LED-lys, og vi har lagt til rette for ladestasjonar for elbil .

Vi har innført fullverdig avfallssortering, seinast også for matavfall. Papirforbruket er over tid redusert til eit minimumsnivå. Rutinar for saksbehandling omfattar i dag svært lite bruk av papir. Vi har gått bort frå papiraviser og over til e-aviser. Bruk av eingongsbestikk, -koppar og -servise er redusert til eit minimum, og vi har stoppa innkjøp av dette.

Organisasjonen og leiinga er bevisste på å redusere utslepp knytte til reiseverksemd. Reiseverksemd i form av flyreiser har mindre omfang i dag enn før pandemien, sjølv om vi er fleire tilsette. Dei siste par åra har vi lege på eit stabilt nivå som historisk sett er det lågaste talet på fly- og bilreiser verksemda har hatt, sett i høve til tal tilsette.

Slik har vi følgd opp føringane i tildelingsbrevet:

- Innlemme berekraftperspektivet i verksemda sine strategiar og handlingsplanar.

I ny strategi for perioden 2024–2028 har vi tatt inn følgande formulering: «Vi skal medverke til reduksjon av klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk i verksemda.» Denne blir operasjonalisert i årsplanen. Eitt tiltak i 2025 var å sette miljø og berekraft på agendaen for leiinga i juni og november. Der gjekk vi gjennom status, såg på korleis vi følger opp fellesføringane, og vurderte kva som bør vere neste steg for verksemda.

3

- **Følg opp målet om systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk. I dette arbeidet skal det takast omsyn til varetaking av verksemda sine kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet.**

For første gong stilte vi i 2025 klima- og miljøkrav i utlysning av rammeavtale for drift og utvikling av nettstadene lottstift.no og hjelpelinjen.no. Forskrifta om offentlege anskaffingar stiller krav til klima og miljøomsyn. Vi stilte krav til dei delane av oppdraget som omfattar drift og servermiljø, jf. forskrifta § 7-9 (4):

- dokumentere at hosting-tenestene blir leverte frå eit datasenter som bruker minimum 95 prosent fornybar energi
- dokumentere at datasenteret har ein PUE-verdi (Power Usage Effectiveness) $\leq 1,5$
- beskrive tiltak som blir gjennomførte for å redusere energibruk og klimavtrykk ved drift av nettstadene, medrekna optimalisering av serverressursar, miljøvennlege kjøleløyser og eventuelt gjenbruk av spillvarme

Leverandøren som fekk oppdraget, leverte på alle desse punkta. Lotteri- og stiftelsestilsynet bør halde fram med desse krava i alle relevante anbodskonkurransar for å bidra til å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.

Vi har sendt gammal maskinvare og utrangerte serverar til gjenvinning hos HP og Foxway. Noko av utstyret går til gjenbruk, og det har gitt oss omkring 350 000 kroner tilbakebetalt i 2025.

Sertifiseringa som Miljøfyrtårn betyr mellom anna at vi følger eit årshjul for planlegging og rapportering. Dette omfattar bevisstgjerung på mål og tiltak i leiinga og i organisasjonen, og dessutan måling og rapportering på dei tiltaka som ligg inne i tiltaksplanen.

- **Vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda.**

Lotteri- og stiftelsestilsynet utarbeider og reviderer årleg ein risiko- og sårbarheitsanalyse for tryggleik og beredskap. Faktorar som gjeld flaum og naturkatastrofar, inngår i denne.

Vi er ei kontorverksemd og kan rekne med at våre funksjonar berre i avgrensa omfang vil bli påverka av ytre miljø- og klimaendringar, men vi har redusert ein del reiseaktivitet for å medverke til mindre klimagassutslepp. Dette kan igjen føre til at vi ikkje møter brukarar og samarbeidspartnarar fysisk i like stor grad som før. Våre brukarar, som er frivillig sektor og stiftelsar, blir påverka av klimaendringar slik samfunnet generelt blir påverka. Dette kan på sikt og indirekte ha ein viss påverknad på arbeidet vårt som forvaltnings- og tilsynsverksemd.

- **Gjere systematiske vurderingar av eigen energibruk og ta i bruk lønnsame energieffektive løysingar, og auke energifleksibiliteten der dette er relevant.**

Her har vi sett i verk fleire tiltak i samarbeid med huseigar, mellom anna fjordvarme og LED-lys, som vi allereie har nemnt. Det er også innført fullverdig avfallssortering på bygget. Dette er tiltak huseigar gjennomfører, men som i stor grad kjem som følge av dialog med oss som leigetakar.

- **Identifisere korleis tiltak verksemda set i verk i kraft av samfunnsoppdraget sitt, medverkar til å oppfylle sosial og økonomisk berekraft.**

Temaet er tatt opp i leiinga for bevisstgjerung. Der det er relevant, skal fagområda våre legge dette til grunn for utføring av samfunnsoppdraget.

3

Utvikling i tal tilsettingar av personar med nedsett funksjonsevne og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Regelverket stiller krav til både verksemder og søkarar når det gjeld positiv særbehandling av arbeidssøkarar i staten. Lotteri- og stiftelsestilsynet har som rutine å kalle inn kvalifiserte søkarar med funksjonsnedsetting, høl i CV-en eller innvandrarbakgrunn. Generelt har få personar kryssa av for dette i søknaden sin. I 2025 tilsette vi ingen søkarar som eit resultat av positiv særbehandling.

Vi har i 2024 drøfta med dei tillitsvalde kva som bør vere tilsynet sitt måltal for tilsettingar innanfor gruppa funksjonsnedsettingar eller høl i CV-en. Vi blei samde om at måltalet for 2025 skal vere 2 prosent, med ambisjon om å auke til 4 prosent over tid.

Konsulentbruk

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i årsplanlegginga følgd opp fellesføringa om å redusere bruk av konsulenttenester, og føringa er tatt opp i leiarmøte for bevisstgjerung.

Kjøp av slike tenester utgjorde 30 910 059 kroner i 2025, mot 26 859 051 kroner året før. Dette var ein auke på 4 051 008 kroner. Ramma for Handlingsplan mot spilleproblemer har auka dei seinare åra. Mellom anna utgjer tenestekjøp for forskning på speleproblem ein stor del av det som går under omgrepet konsulenttenester og andre framande tenester. Avsnittet om forvaltning av spelemlidlar fortel meir om bruken av handlingsplanmidlane.

Innanfor vår eiga drift utgjorde tenestekjøp knytt til den nye oppgåva med tilskudd. no 5 304 639 kroner. Det betyr at vi for ordinær drift har hatt ein reduksjon på 5 054 606 kroner. Dette ser vi som ein indikasjon på at vi har gått rett veg i høve til fellesføringa.

Kostnadene knytte til IT-tenester gjeld i hovudsak utvikling av register og fagsystem. Vi har fleire større utviklingsprosjekt som går over fleire år. Sjølv om vi har eigne utviklarar og prosjektleiarar, er vi avhengige av å kjøpe tenester og kompetanse frå leverandørar vi samarbeider med .

Når det gjeld kommunikasjonstenester, hadde vi eit samla tenestekjøp på 928 980 kroner, mot 659 672 kroner året før. Av forbruket i 2025 gjeld 748 000 kroner informasjonskampanjar knytte til Handlingsplan mot spilleproblemer. Det betyr at andre kommunikasjonstenester, som språkhjelp og grafiske tenester, utgjer 180 980 kroner. Vurderinga vår er at krava i fellesføringane er oppfylte med omsyn til kommunikasjonstenester.

Vi har i 2025 ikkje kjøpt tenester ved rekruttering til leiarstillingar.

Aktivitets- og opplysningsplikt som arbeidsgivar og myndigheitsorgan

Arbeidet vårt med likestilling og ikkje-diskriminering er todelt. Under punkt A kjem arbeidet på dette området innanfor eigen verksemd, under punkt B som myndigheitsorgan.

A. Som arbeidsgivar

Lotteri- og stiftelsestilsynet arbeider aktivt og målretta for å fremme formålet med likestillings- og diskrimineringslova. Det betyr at likeverd, respekt og like moglegheiter for alle er ei rettesnor for verksemda.

I 2025 har vi mellom anna prioritert tiltak for å auke kompetansen på dette området, slik at alle tilsette skal bli meir bevisste på kva arbeid med eit inkluderande og mangfaldig arbeidsliv betyr.

Status for likestilling mellom kjønna

Statistikken for kjønnsbalanse, mellombels tilsette og deltidsarbeid er henta frå rapportløysinga DFØ Innsikt for HR og lønn. Merk at tilsette som arbeider deltid, gjer det etter eige ønske.

Tabellen nedanfor viser kjønnsbalanse samla for heile 2025 fordelt på tal personar. Gjennomsnittleg bruk av foreldrepermisjon i 2025 var 30 veker for kvinner og 6 veker for menn.

Kjønnsbalanse		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Deltidstilsette	
Rapportert i tal		Rapportert i tal		Gjennomsnittleg tal veker		Rapportert i tal	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
52	42	3	8	30	6	2	0

Status for gjennomsnittleg lønn per stilling fordelt på kjønn

Tabellen nedanfor viser gjennomsnittleg lønn per stillingsgruppe totalt og fordeling mellom kvinner og menn i dei ulike stillingsgruppene. Kolonnen Lønn viser gjennomsnittslønna for kvinner i prosent av gjennomsnittslønna for menn.

Lotteri- og stiftelsestilsynet	Tal	Menn	Kvinner	Lønn
Totalt i Lotteri- og stiftelsestilsynet, inkl. mellombelse stillingar	94	42	52	98 %
Toppleiar	1	1		
Avdelingsdirektørar	3	1	2	100 %
Fagdirektørar	4	3	1	97 %
Seniorrådgivarar	55	23	32	96 %
Spesialrådgivarar	2	1	1	98 %
Rådgivarar	22	8	16	98 %
Førstekonsulentar	2	2	0	
Lærlingar	3	3	0	

3

Arbeid for likestilling, mangfald og ikkje-diskriminering i personalgruppa

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i 2025 sett i verk fleire tiltak for å styrke kompetansen om likestilling, mangfald og diskriminering.

Arbeidet med likestilling og diskriminering går fram av sentrale styringsdokument som strategi, policy for HR/HMT og prosedyre for rekruttering.

Organisering av arbeidet

I 2025 etablerte vi ei eiga ARP-gruppe (aktivitets- og rapporteringsplikt for arbeidsgivarar) for å forsterke arbeidet på området.

Arbeid med å kartlegge diskrimineringsrisiko og barrierar for likestilling

ARP-gruppa kartla problemstillingar på områda rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, tilrettelegging for kombinasjon av arbeid og familieliv, forfremming og utvikling.

Resultatet av kartlegginga gav oss grunnlag for å foreslå konkrete forsterkande tiltak. Nokre tiltak blei det jobba med i 2025. Andre tar vi med vidare til 2026.

Vernerunda i 2025 inkluderte også spørsmål om likestilling, mangfald og diskriminering.

Dei årlege medarbeidersamtalane er gode arenaer for å kartlegge uønskt åtferd eller haldningar som er i strid med lova. I tillegg er det høve til å ta opp formelle og uformelle forhold knytte til arbeidsmiljø med stabseininga organisasjon og personale, tillitsvalde, leiing og verneombod.

Bevisstgjeriing og gjennomføring av tiltak i 2025

Risikokartlegginga og undersøkingane i 2025 identifiserte ikkje funn eller alvorlege tilfelle av diskriminering som kravde strakstiltak for enkeltpersonar eller grupper.

Vi har starta arbeid med ein likestillings- og mangfaldspolicy, og ved å auke kompetansen om temaet vil vi få betre grunnlag for å kartlegge barrierar og risiko for at vi ikkje etterlever likestillings- og diskrimineringslova.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er bevisste på at vi skal ha ei stabil og mangfaldig personalgruppe og eit godt arbeidsmiljø. I utlysingstekstene våre inngår DFØ sin anbefalte tekst for mangfaldserklæring.

Lønn er eit av fleire verkemiddel for å sikre at Lotteri- og stiftelsestilsynet har rett og tilstrekkeleg kompetanse til å nå verksemda sine mål. Lønnsolitikken skal bidra til reell likestilling mellom kjønna, og alle tilsette skal ha like moglegheiter til å få vurdert lønnsjusterting. Alle tilsette får kvart år tilbod om lønnsamtale med leiar før lokale lønnsforhandlingar. Tal for 2025 viser at gjennomsnittslønna for kvinnene i prosent av gjennomsnittslønna for mennene er noko lågare, for eksempel i stillingskategoriane seniorrådgivar og rådgivar. Vi vil kartlegge dette nærare for å sikre at skilnadene ikkje er i strid med lova.

3

I dialog med tillitsvalde og verneombod har vi lagt til rette for fleksibel arbeidstid og avtaler om heimekontor. I april 2025 gjekk vi over frå faste kontorplassar til fritt seteval og ryddig kontorpult. Alle cellekontora og møteromma har fått justerbare LED-lys i taket. På alle cellekontor er det bord som kan hevast og senkast, og stolar som kan regulerast. Lokala er elles tilrettelagde for rullestol dersom det er behov for det.

Det er innreia kvilerom. I tillegg har vi sett av eit skjerma område til amming og sett opp stellebord.

Prosjekt med kompetansemidlar frå DFØ

Våren 2025 søkte vi Statens arbeidsgivarportal, DFØ, om midlar til fellesopplæring om aktivitets- og rapporteringsplikta og fekk tildelt rett i underkant av 135 000 kroner.

Formålet med prosjektet har vore å heve kompetansen på diskriminering på grunn av kjønn, graviditet og permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, alder eller kombinasjonar av desse faktorane.

Prosjektperioden går fram til 30. april 2026. Vi har gjennomført tre konkrete opplæringstiltak i 2025, og noko står att til våren 2026.

Vi arrangerte mellom anna ein felleskonferanse med Norec med foredragshaldarar frå Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) og frå stiftelsen Fargespill i Bergen.

Konferansen blei avslutta med panelsamtale om korleis likestilling, mangfald og diskriminerings spørsmål møter oss i kvardagen.



Frå venstre: Tone-Merete Lillesvangstu (Norec), Justin Mulindabigwi (Lotteri- og stiftelsestilsynet), Andreas Erichsen (Likestillings- og diskrimineringsombodet), Irene Kinunda (Fargespill Bergen), Atle Hamar (Lotteri- og stiftelsestilsynet), Jan Olav Baarøy (Norec) og Terje Gilleshammer (Lotteri- og stiftelsestilsynet). Foto: Bjørn Leirdal.

3

Rekruttering

I 2025 gjennomførte vi fire rekrutteringsprosesser. Dei gjaldt tre faste stillingar og ei traineestilling. Vi hadde 80 søkarar til sju sommarvikariat. Vidare har vi hatt tre lærlingar på IT-området. Den eine av desse er ein del av arbeidet med mangfald og inkludering i staten.

For å treffe eventuelle framtidige søkarar har vi marknadsført oss på fleire sentrale karrieremesser og utdanningsinstitusjonar rundt i landet.

Vi er ein kompetansearbeidsplass i distriktet, og vi har i all hovudsak god tilgang på søkarar frå eit stort område. Vi legg til rette for at dei tilsette skal kunne jobbe delvis på heimekontor og andre oppmøtestader dersom oppgåvene er tilpassa for det. Vi får på denne måten ein større marknad å rekruttere frå og har så langt gode erfaringar med det.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har som rutine å kalle inn kvalifiserte søkarar med funksjonsnedsetting, høl i CV-en eller innvandrarbakgrunn. Ingen blei tilsett som følge av slik positiv særbehandling i 2025.

I samråd med dei tillitsvalde har vi komme fram til eit mål om 2 prosent tilsettingar innanfor denne gruppa, med ambisjon om å auke til 4 prosent over tid. Vi nådde ikkje dette målet i 2025.

Gjennom 2025 har vi hatt dialog med blant andre Nav for å finne kandidatar som kan vere aktuelle innanfor mangfald og inkludering. Vi klarte likevel ikkje å tilsette nokon i denne kategorien i 2025.

Kompetanseutvikling

Lotteri- og stiftelsestilsynet tok våren 2025 i bruk verktøyet Educatia for å kartlegge eksisterande kompetanse i organisasjonen. Alle tilsette registrerte sin kompetanse i systemet i 2025, noko som har gitt oss oversikt og grunnlag for kompetanseutvikling enten for alle, for grupper eller for enkeltpersonar.

Resultat og plan for vidare arbeid i 2026

ARP-gruppa har vurdert og evaluert det vi har fått gjennomført på området i 2025. Vi hadde blant anna mål om å gå gjennom meir dokumentasjon frå personalhandboka, HMS-handboka og internkontrollen enn det vi rakk. Dette arbeidet er derfor overført til 2026.

Arbeidet med likestilling, mangfald og inkludering er blitt betre forankra, og vi har fått auka bevisstheit om likestilling og diskrimineringsgrunnlag.

HMT og arbeidsmiljø

Lotteri- og stiftelsestilsynet har definert tre hovudmål for personalarbeidet. Vi skal

- arbeide strategisk, operasjonelt og analytisk innan personalområdet
- vere ein attraktiv arbeidsplass som legg til rette for personleg og fagleg utvikling
- arbeide aktivt for eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø prega av tillit, respekt og samhandling

3

Vi er ikkje lovpålagde å ha bedriftshelseteneste, men har likevel valt å ha dette. Bedriftshelsetenesta er ei fagleg støtte for oss og hjelper oss mellom anna med ergonomi, førstehjelpskurs og influensavaksining. I tillegg deltar bedriftshelsetenesta som fast representant i AMU.

Kvart andre år gjennomfører vi medarbeidarundersøking i staten (MUST), som er utvikla av Statens arbeidsmiljøinstitutt til bruk for statlege verksemder. Undersøkinga blei gjennomført i 2024, og vi skal ha ny i 2026.

Vernerundar blir gjennomførte kvart andre år for å sjå om arbeidsmiljøet er trygt og forsvarleg. Dei fleste funna i vernerunda for 2025 handla om byggtkniske forhold og manglande kunnskap om eksisterande rutinar. Det blei utarbeidd ein handlingsplan som vi skal følge opp i 2026.

Nedgang i sjukefråvær

Det overordna målet vårt er eit stabilt sjukefråvær på under 4 prosent. Tabellen nedanfor viser utviklinga dei siste tre åra og at vi nådde målet i 2025.

År	Snitt sjukefråvær i %	% Eigenmeldt	% Legemeldt sjukefråvær
2023	6	1,4	4,6
2024	6,9	1,4	5,5
2025	3,9	1,5	2,4

Det er ikkje rapportert om arbeidsrelatert sjukefråvær i 2025. Stort sett kjem fråværet av langvarige og kjende sjukemeldingar.

Som eit ledd i det førebyggjande HMT-arbeidet har vi styrkt oppfølging av arbeidstakarar som står i fare for å bli eller er borte frå arbeid grunna sjukdom. Vi legg vekt på tidleg involvering og tett dialog for å redusere risikoen for sjukefråvær.

Informasjon og dialog

Arbeidsgivar og tillitsvalde har faste partssamarbeidsmøte om lag kvar tredje veke. Den årlege evalueringa om partssamarbeidet viser at partane er godt fornøgde. Dei tillitsvalde deltar også i rekrutteringsarbeid og i arbeid med lønns- og arbeidsvilkår. AMU har møte kvart kvartal og elles etter behov.

B. Arbeid for likestilling og ikkje-diskriminering – som myndigheitsorgan

Ei viktig oppgåve for Stiftelsestilsynet er å formidle informasjon om kva krav og reglar som gjeld, og å halde styra i stiftelsane og andre oppdaterte på nye lovkrav. I 2025 har vi halde fram med rettleiing og mottatt mange søknader om vedtektsendring for tilpassing til nye krav til kjønnsamansetting i styra. Sjølv om det overordna er tilnærma likt med kvinner og menn i styra i stiftelsane, er det likevel mange stiftelsar som må gjere endringar som følge av det nye regelverket. Nokre har for mange kvinner i styret, medan andre har for mange menn i høve til det som står i regelverket.

3

Noko av det særleine med stiftelsar er at det er ei privat organisasjonsform utan eigarar. Men stiftelsar er regulerte av lov og sine egne vedtekter. I vedtektene kan ein stiftelse ha formål som ikkje treng å vere for eksempel kjønnsnøytrale. Stiftelsestilsynet vil kunne dele kunnskap om formåla gjennom Stiftelsesregisteret, men vi kan ikkje gå ut over lovkrava for å stimulere til for eksempel auka likestilling. Mange stiftelsar har likevel formål som opnar for både likestilling og stimulering til likebehandling.

Som forvaltar av tilskotsordningar til frivillig sektor jobbar vi kontinuerleg for å gjere søknadsprosessen så enkel som mogleg for flest mogleg. Vi forvaltar ordningar som treffer eit breitt spekter av organisasjonar, som igjen jobbar for å fremme mangfald og inkludering gjennom sine aktivitatar. Derfor er det viktig at alle søknadsskjema er enkle å bruke, at vi har god rettleiing på nettstaden, og at vi er tilgjengelege for brukarane. Vi fører òg statistikk over kor mange søkarar vi har i ulike kategoriar. Det gir oss moglegheit til å kartlegge om det er grupper som sjeldan søker om støtte. Vi jobbar i tillegg generelt med tilrettelegging og forenkling på områda våre. I 2025 har vi mellom anna gjort dette:

- Vi har deltatt i fleire tiltak om forenkling for frivillig sektor gjennom livshendinga «Starte og drive en frivillig organisasjon».
- Vi har digitalisert og revidert rettleiaren for forenkling av statlege tilskotsordningar for frivillige organisasjonar og publisert han på tilskudd.no.
- Vi har gitt Menon Economics i oppdrag å utarbeide rapporten Kartlegging av dokumentasjonskrav i frivillig sektor. Rapporten blir lansert i januar 2026.
- Vi har medverka i prosjektet «Deling Data Frivillig» om vidareutvikling og forenkling av Frivilligregisteret.
- Ny forskrift om momskompensasjon for frivillige organisasjonar blei vedtatt i desember 2025 og gjeld frå 1. januar 2026. Det var to høyringsrundar. Vi hjelpte departementet i arbeidet med høyringsdokumenta gjennom regelverksprosessen. I arbeidet har det vore viktig for oss å ha fokus på brukaren og finne gode forenklingstiltak.

På pengespelområdet var omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering tatt med i arbeidet fram mot ny pengespellov i 2023, og det kjem no til uttrykk i lov og forskrift. Føresegna som aktualiserer desse omsyna, blir derfor praktisert jamleg.

Som eit eksempel kan vi nemne at organisasjonar som ikkje er opne for allmenta, får avslag på søknad om godkjenning. Dermed kan dei heller ikkje komme i posisjon til å ha inntekter frå pengespel som krev løyve. Organisasjonar som krev at medlemmer må ha eit godt omdømme, at medlemmer må ha god økonomi, eller har liknande avgrensingar i tilgangen til medlemskap, vil derfor ikkje kunne få godkjenning. Avgrensingar som er naturlege med tanke på formålet til organisasjonen, for eksempel aldersgrenser, er derimot tillatne.

Generelt blir det på pengespelområdet også nytta søknads- og rapporterings-skjema, særleg på forvaltningsområdet. Lotteritilsynet er opptatt av å utforme enkle og oversiktlege skjema. På den måten kan dei sikre lettfattelege søknads- og rapporteringsprosessar for det breie spekteret av aktørar på den private pengespelmarknaden.

3

Arbeid med universell utforming av IKT

IKT-løysingar i Noreg skal vere universelt utforma jf. forskrift om universell utforming av informasjons- og kommunikasjonsteknologiske (IKT)-løysningar. Dette gjeld både nettstader og appar. Både private og offentlege verksemdar, lag og organisasjonar må følge regelverket.

I 2025 har vi jobba kontinuerleg med feilretting på lottstift.no og hjelpelinjen.no for å halde nettstadene på eit høgt nivå. Kvart år må vi rapportere på 48 krav til universell utforming av nettstadane våre, gjennom ei oppdatert tilgjengelegheitserklæring. Hjelpelinjen.no etterlever no krava, medan lottstift.no har brot på to av krava. UU-tilsynet har også hatt forenkla kontroll av 14 krav på hovudnettstaden vår, lottstift.no. Vi fekk ein skår på 99 av 100 i denne kontrollen.

Pengespelregisteret, Stiftelsesregisteret og tilskudd.no har også blitt universelt utforma i 2025. Pengespelregisteret har brot på tre krav, Stiftelsesregisteret har brot på sju krav, og tilskudd.no har brot på fire av krava i regelverket.

Alle større rapportar og dokument som skal publiserast på nettstadene, blir sende til ein ekstern leverandør for UU-utforming. I 2025 har alle tilsette fått innføring i universell utforming av dokument for å auke den interne kompetansen.

Språklov

Lotteri- og stiftelsestilsynet arbeider systematisk med klarspråk og prøver å ha det med oss i alt arbeid. Vi har vår eigen språkprofil som alle tilsette kjenner til og bruker aktivt. Målet vårt er at alt vi skriv, skal bli forstått på første forsøk. Vi arrangerer kvart år ein språkdag der alle tilsette får opplæring i godt og riktig språk. I 2025 hadde vi besøk av Språkrådet, som fortalde om testing av språkmodellar.

Språkrådet hadde i 2025 tilsyn med bruken av bokmål og nynorsk i 2024. I tilsynet såg dei denne gongen på hovudnettstaden vår (lottstift.no) og berre på html-innhald. Dei la mest vekt på språkvekslinga i tekst som er publisert i 2024, sidan det gir eit oppdatert bilde av korleis vi arbeider med fordelinga av nynorsk og bokmål.

I tillegg har vi fått resultatata for bruken av bokmål og nynorsk i sosiale medium og i skjema og andre sjølvbeteningstenester. Desse har vi rapportert inn til Språkrådet.

I tilsynet har Språkrådet i hovudsak sett på om vi er innanfor krava i § 13 og § 14 i språklova:

- Språklova § 13 seier at sentrale statsorgan over tid skal bruke mellom 25 og 75 prosent av kvart av skriftspråka i allment tilgjengelege dokument.
- Språklova § 14 seier at skjema og sjølvbeteningsløysingar skal ligge føre på bokmål og nynorsk samtidig (parallell bruk av bokmål og nynorsk).

Resultata for LS i 2024 var slik:

- Ny tekst på hovudnettstaden: 74 prosent er på nynorsk.
- All tekst på hovudnettstaden: 62 prosent er på nynorsk.
- Sosiale medium: 66 prosent er på nynorsk.
- 35 skjema og sjølvbeteningstenester: Alle er på begge skriftspråk.

Følgkort

Lotteri- og stiftelsestilsynet gir ikkje midlar til arrangement, men frie midlar til drift. Vi definerer ikkje tilskotsordningane våre som relevante for krav om gratis billett for følgeperson.

Tryggleik og beredskap

Ansvarsområda til Lotteri- og stiftelsestilsynet er ikkje definerte som kritiske samfunnsfunksjonar. Nedetid vil for brukarane i hovudsak medføre manglande utøving av forvaltning og tilsyn, og eventuelt utsett tidspunkt for utbetaling av tilskot. Langvarige fråvær av våre funksjonar kan få konsekvensar av økonomisk betydning for brukargrupper, for eksempel frivillige organisasjonar som får momskompensasjon og straumstøtte.

Vi har ein dokumentert plan for handtering av beredskaps- og krisesituasjonar. Dokumentasjon, rolleavklaring, opplæring og øving er tema som leiinga jamleg tar opp til vurdering. Leiinga reviderer årleg ei eiga risikovurdering for tryggleik og beredskap, og denne blei sist send departementet til orientering i mars 2025. Branøving blir gjennomført kvart år.

Leiargruppa gjennomførte i 2025 ei scenariobasert øving, der dei i fellesskap drøfta korleis dei ville handtert beredskapsorganisering og kommunikasjon i eit konkret tilfelle. Vi har erfart at slike gjennomgangar i kombinasjon med repetisjon av dokumentasjonen på beredskapsområdet fungerer godt.

I 2025 har vi ikkje hatt hendingar av større betydning når det gjeld IKT-tryggleik. Vi har rydda kraftig på brannveggoppsettet og i nettverkskonfigurasjonen for å auke informasjonssikkerheita. Vi har fasa ut mange gamle serverar for system som er overførte til nye løysingar i skya. Alle klientmaskiner er overførte til skya, noko som gir betre kontroll og auka sikkerheit. Alle tilsette gjennomfører jamleg korte informasjonssikkerheitskurs.

Vi har skifta heile infrastrukturen for server og lagring på datasenter og reserve-lokasjon. Dette er ein del av forenklinga og innsparinga i eige hus, ein stor og viktig jobb som førebur datasenteret for stabil drift i seks-sju nye år.

Behandling av personopplysningar

Lotteri- og stiftelsestilsynet legg vekt på å følge personvernregelverket og har personvernombod i 10 prosent stilling. Personvernombodet held seg mellom anna oppdatert på regelverksutvikling, praksis og anna som rører seg på personvernfeltet, og gir råd til organisasjonen.

I 2025 er det gjennomført opplæringstiltak for dei tilsette. Vi har hatt fokus på avviksrapportering og på generell bevisstgjerung. Årsrapportering frå personvernombod til direktør om aktivitatar og avvik skal gjennomførast i februar 2026. Rapporten blir også gjennomgått med leiargruppa. Rammeverket for personvern er etablert og blir etterlevd.

Det er registrert totalt fem avvik i 2025. Tre av avvika er rapporterte til Datatilsynet, og to avvik er behandla internt. Dette er ein nedgang frå tidlegare år, men fleire av tilfella er brot som har skjedd tidlegare. Omfanget av avvik tyder på at dei tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet har blitt meir bevisste på å avdekke og rapportere avvik.

3

I dei fleste tilfella ser vi at avvika kjem av menneskeleg svikt. Samstundes viser gjennomgangen av alle avvik at dei gjaldt deling av opplysningar i samband med innsynskrav, at opplysningane gjaldt få personar, og at dei blei delte med få personar. Vi har òg praksis for å informere dei det gjeld, om avvika.

Med utgangspunkt i dei konkrete avvika har vi sett i verk fleire enkeltstående tiltak i form av rutineendringar og bevisstgjerjing på avdelingsnivå. Vi ser også at innføringa av Arkivinspektør (KI) sikrar regelmessig og fullstendig arkivskanning, og at det medverkar til å avdekke avvik som er vanskelege å finne manuelt.

Forvaltning av spelemidlar

Spelemidlar til oppfølging av Handlingsplan mot spilleproblemer

Lotteri- og stiftelsestilsynet fekk i 2025 overført 17 650 000 kroner til å dekke tiltak under handlingsplanen mot speleproblem. Tiltaka er omtala i kapittelet om aktiviteter og resultat på pengespelområdet.

Ramma for handlingsplanen er disponert fullt ut under kapittel 339 post 21. Våre egne kostnader knytte til forvaltning av handlingsplanen er dekte over driftsbudsjettet, kapittel 339 post 01.

Dei største tiltaka under handlingsplanen i 2025 var:

Forskning på speleproblem og ungdomsundersøking	6 507 000 kroner
Tilskot til støttegrupper og organisasjonar retta mot speleproblem	5 500 000 kroner
Drift og profilering av Hjelpelinjen mot speleproblem	2 952 000 kroner
Nordisk undersøking om speleåtferd og speleproblem	2 128 000 kroner

Spelemidlar til drift og utvikling av Anleggsregisteret

Lotteri- og stiftelsestilsynet har systemansvaret for Anleggsregisteret. Dette omfattar ansvar for drift, vedlikehald, vidareutvikling, systemarkitektur og brukarstøtte. Det formelle ansvaret for ordninga ligg hos Kultur- og likestillingsdepartementet.

Systemet blir nytta til saksbehandling av den delen av overskotet til Norsk Tipping som går til idrettsanlegg, kulturbygg, hytter og løyper i fjellet.

Anleggsregisteret har fire delar:

- søknadsportal som blir brukt av frivillige lag og organisasjonar, kommunar og andre som søker om midlar frå ordninga
- fagsystem som blir brukt av kommunar, revisorar, fylke, Kultur- og likestillingsdepartementet og Lotteri- og stiftelsestilsynet sine saksbehandlarar på momskompensasjon
- rapporteringsportal der ein registrerer ferdige anlegg med rekneskap m.m. for revisjon og sluttutbetaling
- publikumsportal som ligg open for alle, og der ein mellom anna kan finne data om anlegga, kva støtte dei har fått, og kvar dei ligg

3

Av statlege felleskomponentar nyttar vi Einingsregisteret, MinID, Folkeregisteret, Kontakt- og reservasjonsregisteret, Kartverket, Statistisk sentralbyrå og Altinn postboks (via SvarUt).

Vi fekk i 2025 overført 4 100 000 kroner til drift og utvikling av Anleggsregisteret. Disponibel ramme er disponert fullt ut under kapittel 339 post 21, og posten har eit mindreforbruk på 1 000 kroner.

IT og arkivtenester

IT og dokumenthandtering er ein stabsfunksjon som har ansvar for tenester og prosessar som hjelper organisasjonen med å utføre samfunnsoppdraget. Dette omfattar drift og brukarstøtte for IT-system og administrasjon av arkiv- og saksbehandlingssystem, inkludert innsynsmodular for offentlegheita.

Stabseininga utviklar og held ved like nasjonale system som Stiftelsesregisteret, Pengespelregisteret, Anleggsregisteret og tilskudd.no.

I tillegg har avdelinga ansvar for drift og utvikling av ulike interne system for saksbehandling og søknader. Dei fleste systema er integrerte med nasjonale fellesløysingar og interne databasar. Mange av systema gjer informasjon tilgjengeleg gjennom opne grensesnitt.

Målet er å medverke til at offentleg sektor kan bli meir effektiv gjennom digitalisering. IT- og sourcing-strategien vår støttar dette arbeidet. Strategien er basert på den nasjonale digitaliseringsstrategien, NSM sine grunnprinsipp for IT-sikkerheit, Digdir sine arkitekturprinsipp, Datatilsynet sine personvernprinsipp og eit breiare og heilskapleg internt strategisk grunnlag.

Arkiv

Våren 2025 gjennomførte vi andre og førebels siste del av Public 360 Online-prosjektet og implementering av tilleggsproduktet Public 360 eArchive frå 2024. No er eArchive oppdatert med nytt materiale frå det eldste avslutta arkivet i Lotteri- og stiftelsestilsynet. I denne delen blei arkivmateriale frå 2001–2005 (Doculive) gjort tilgjengeleg for dei tilsette.

I 2025 har dokumenthandteringa fokusert på å vedlikehalde og sikre god kvalitet og drift på tenester som er viktige i resten av organisasjonen. Vi har delt erfaringar og kunnskap for å hindre sårbare situasjonar og funksjonar ved for eksempel fråvær.

Statistikk over journalførte dokument, nye saker og innsynskrav:

	2022	2023	2024	2025
Journalførte dokument	71 849	78 213	82 599	75 214
Nye saker	20 160	23 137	24 089	21 121
Innsynskrav	4 035	3 353	3 451	3 974

Talet på nye saker har gått ned samanlikna ned 2024. Ein stor del av nedgangen kjem av at pengespelavdelinga i 2024 gjennomførte ein omfattande godkjenningssprosess som følge av ny pengespellov. Samstundes har Stiftelsestilsynet hatt ein auke i oppretta saker, som følge av lovendring og krav til namn på stiftelsar. Frivillighetsstøtte har hatt få endringar i oppretta saker og dokument.

3

Feil i tipssystemet

I 2025 oppdaga vi ein alvorleg feil i tipssystemet vårt. Feilen gjorde at tips i ein periode frå mars 2024 til juni 2025 ikkje hadde komme fram til arkivsystemet vårt. Feilen var av teknisk art.

Publikum hadde i perioden tipsa oss via andre kanalar, som e-post, kontaktskjema og telefon. Men dei som brukte eit eige tipsskjema, fekk ikkje varsel om at tipset deira ikkje kom fram. Det var i dette skjemaet publikum kunne levere anonyme tips. Anslaga våre tyder på at vi kan ha gått glipp av fleire hundre tips.

Feilen blei retta, og vi gjekk ope ut med informasjon til publikum og media.

Etter hendinga har vi gått gjennom rutinane våre og gjort forbetringar.

IT-drift og utvikling

Hausten 2025 lanserte vi ny IT- og sourcing-strategi. Strategien skal sikre at brukarane har tilgang til trygge, stabile og effektive løysingar. Etterleving av krav til informasjonssikkerheit og personvern står sentralt, samtidig som vi skal standardisere og digitalisere arbeidsprosessane våre. Vi skal auke graden av automatisering og dele data med andre der det er formålstenleg. Vi skal gjere kunnskapsbaserte og heilskaplege val om bruk av KI, og vi skal følge utviklinga innan KI og annan relevant teknologi.

Vi har kompetanse og kapasitet som sikrar trygg og stabil IT-drift, og tryggleikstiltak er omtalt i avsnittet om tryggleik og beredskap. IT-hjelpa handterte i 2025 om lag 1700 innmelde saker.

I staden for å utvikle komponentar og løysingar sjølv skal Lotteri- og stiftelsestilsynet bruke tilgjengelege felleskomponentar og fellesløysingar der desse er eigna for formålet. Vi har derfor starta arbeidet med å sikre overgangen frå Altinn 2 til Altinn 3 for avdeling for pengespel sine søknadsskjema og for tilskudd.no.

I løpet av fem månader i 2025 relanserte vi tre nasjonale register i ny drakt. I januar lanserte vi ny versjon av publikumsdelen for Stiftelsesregisteret, i mai ny publikumsdel for Pengespelregisteret. I tillegg har vi etablert ei ny løysing for intern saksbehandling. I april blei teknisk flytting av tilskudd.no gjennomført, og nettstaden blei lansert med Lotteri- og stiftelsestilsynet sin visuelle identitet. Etter lansering har arbeidet med vidareutvikling av registera og interndelen halde fram.

Gjennom året har eininga for IT-utvikling sikra god forvaltning og kontinuerleg utvikling av tilsynet sin systemportefølje. Fleire nye funksjonar er sett i produksjon for alle dei tre fagområda: frivilligheitsstøtte, stiftelsar og pengespel. I Salesforce er 821 kodeendringar sett i produksjon, og 214 saker er melde inn av brukarar og handterte. Vi har dessutan innført ny funksjonalitet for fakturering av årsgebyr for stiftelsar.

5

Vurdering av framtidsutsikter

Dei kommande åra vil det vere sentralt for Lotteri- og stiftelsestilsynet å vidareutvikle eit godt og framtidsretta tilsyn med dei store einerettsaktørane.

Noreg er snart den einaste nasjonen som har ein einerettsmodell for pengespel. Ein ansvarleg spelmarknad er avgjerande for å ta vare på denne modellen. Dette er viktigare enn å produsere overskot til gode formål.

Med einerett følger eit ekstra ansvar for å ha høg kvalitet på spel og speleansvar. Dei mange feila som har dukka opp hos Norsk Tipping, er derfor særleg problematiske for ein einerettsaktør, og dei må ta slutt.

Vi skal lage eit utkast til høyringsnotat med forslag til endringar i pengespelforskrifta innan 1. juli 2026. Utkastet vil innehalde krav om testing av store lotteri i Norsk Tipping.

Produkt og marknader flyt i hop

Ser vi på det store bildet, er pengespelmarknaden prega av internasjonalisering, digitalisering og integrering. Produkt og marknader flyt i hop. Dette krev kontinuerleg utvikling av tilsynsarbeid, regelverk og godt internasjonalt samarbeid.

Utviklinga i problemspel blant unge vil vi følge ekstra nøye med på, og vi ser fram til den store nordiske befolkningsundersøkinga som kjem i 2026. Arbeidet med å greie ut regulering av lootboksar og andre pengespel-liknande element i dataspel blir viktig. I tillegg har vi eit stadig tettare samarbeid med Medietilsynet og Forbrukartilsynet for å hindre at dataspel blir ein opplæringsarena for pengespel.

Bingomarknaden har blitt redusert dei siste åra. Signala vi får frå bransjen, er at denne utviklinga truleg vil halde fram, noko som vil redusere overskotet til lokale lag og organisasjonar.

Stiftelsar er viktige i ei uroleg verd

Mykje tyder på at stiftelsar blir viktige for langsiktig nasjonalt eigarskap på fleire felt, mellom anna forsking, kultur og media. Dette vil truleg berre bli viktigare med aukande global uro. Innsatsen stiftelsar gjer for auka beredskap i sivilsamfunnet, vil også bety mykje i åra som kjem.

I ei framtid med kamp om ressursane vil stiftelsar vere eit supplement til offentlege tilbod og finansiering. Vi ser allereie i dag at sparebankstiftelsar er blitt sentrale når det gjeld å støtte idrett og kultur i norske kommunar. Stiftelsar er også blitt viktige for å stimulere til innovasjon i offentlege tilbod.

Samtidig ser vi at auken av store private formuar fører til interesse for oppretting av fleire store stiftelsar med mykje kapital. Denne utviklinga viser det tydelege behovet for utvikling av regelverk som gir samfunnet tilstrekkeleg kontroll med stiftelsar, og som samtidig stimulerer til ein auke i stiftelsar sitt samfunnsbidrag.

5

Hindre unødig papirarbeid

Også frivillig sektor vil bli stadig viktigare i ei framtid der vi må bu oss på kamp om ressursar og arbeidskraft. Det fører til auka behov for og krav om forenkling. Vi må hindre at store ressursar blir bundne opp i unødig papirarbeid. Som ein viktig tilskotsforvaltar held vi fram arbeidet med å forenkle for frivillig sektor ved å vidareutvikle fagsystemet for tilskotsforvaltning med brukaren i sentrum.

Arbeidet med tilskudd.no kan vere eit viktig bidrag for forenkling dersom tenesta blir prioritert og utvikla i takt med forventningar og behov i sektoren. Den tekniske levealderen på eit slikt produkt er avgrensa, og det vil krevje kontinuerleg investering og oppdatering. Viss ikkje dette blir prioritert, vil vi ikkje klare å oppretthalde tilfredsstillande kvalitet på tenesta.

Eit anna viktig tiltak vil vere direktoratsgruppa som blir sett ned i 2026. Dersom forvaltarane prioriterer aktiv deltaking på denne dugnaden for å forenkle for frivilligheita, trur vi dette kan gi gode resultat. For gjennom erfaringsdeling og felles læring kan vi hjelpe kvarandre med å fjerne unødig byråkrati.

For å hindre økonomisk kriminalitet er det viktig å finne balansen mellom forenkling og kontroll. Norske statlege ordningar vil vere freistande for svindel og organisert kriminalitet, og eit tillitsbasert norsk samfunn er ekstra sårbart.

Organisasjonsgjennomgang av verksemder under Kultur- og likestillingsdepartementet

Kultur- og likestillingsdepartementet har starta ein prosess for å vurdere om enkelte av departementet sine underliggande verksemder kan slåast saman til større og sterkare einingar. Målet er å nytte ressursane mest mogleg hensiktsmessig for å styrke kunst, kultur og andre formål innanfor departementet sine fagområde. Det blir lagt opp til ein prosess med kartlegging og vurderingar i 2026, og Direktoratet for forvaltning og økonomistyring har fått ansvaret for utgreiingsarbeidet.

For Lotteri- og stiftelsestilsynet, som for dei andre verksemdene, kan resultatet av vurderingane få konsekvensar for oppgåveporteføljen framover. Det kan omfatte både stabs-/støttetenester og forvaltnings- og tilsynsoppgåver.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har vist god evne til utvikling i 25 år, og vi har fått stadig større ansvar og nye ansvarsområde. Vi rekrutterer godt, har stabil bemanning med låg gjennomstrøyming, og vi set vår ære i å utføre oppdrag med god kvalitet og evne til fleksibilitet. Det vil vi halde fram med i ei eventuell ny organisering.

Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen

Lotteri- og stiftelsestilsynet er eit ordinært forvaltningsorgan under Kultur- og likestillingsdepartementet.

Årsrekneskapen for 2025 er lagd fram i tråd med «Bestemmelser om økonomistyring i staten» og rundskriv R-115 frå Finansdepartementet. Rekneskapen med notar gir eit dekkande bilde av tilsynet sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og inntekter.

Frå 1. januar 2025 innførte verksemda periodisert rekneskap etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), slik det går fram av prinsippnoten til rekneskapen.

Utgiftssida var på til saman 3,48 milliardar kroner rekneskapsført. Ordningane for momskompensasjon utgjer 3,019 milliardar kroner. Vi har utbetalt 42 millionar kroner i straumstøtte til frivillige organisasjonar og 267 millionar kroner i tilskot til frivilligsentralar.

Tilskotsordningane er omtala i del 3. Ramma for momskompensasjon til frivillige organisasjonar har over tid hatt ein betydeleg vekst og utgjer ein dominerande del av utgiftssida.

Utbetalt beløp under ordninga med straumstøtte til frivillige organisasjonar gjekk ned i 2025, så her heldt tendensen frå året før fram. Samanlikna med toppåret 2023 har nedgangen vore på 182 millionar kroner.

Forbruk på drift var 114 millionar kroner, som er om lag det same som året før for post 01 Driftsutgifter. I tillegg har vi disponert midlar under kap./post 315/60, 315/70, 315/71 og 315/82 til forvaltning av tilskotsordningar. Samla fullmakt gitt i tildelingsbrevet var 12 millionar kroner, og denne er disponert fullt ut. 2025 var siste året med slik fullmakt knytt til forvaltning av tilskotsordningar. I statsbudsjettet for 2026 er forvaltningsmidlane lagde inn i post 01 Driftsutgifter.

Driftsøkonomien var i 2025 noko pressa som følge av fleire større utviklingsjobbar som gjekk parallelt, samtidig som vi overtok ansvaret for tilskudd.no. Overtakinga av tilskudd.no medførte òg ein del ressursbruk på utvikling.

Vi budsjetterte med ned mot 0 kroner i overført beløp på kap. 339 post 01 Driftsutgifter. Vi fekk netto meirinntekter på 68 728 kroner. Mindreforbruk og overførbart beløp enda på 408 000 kroner på post 01.

Det er også overførbart beløp på kapittel 315 post 70 Merverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjonar på 275 millionar kroner. Løyvinga på denne blei auka i samband med nysalderinga, Prop. 22 S (2025-2026), for å kunne gi full kompensasjon til godkjende søknader. Løyvinga blei samtidig gjort overførbart. Utbetaling for 2025 er gjort i to rundar, den siste i januar 2026.

Lønnsutgiftene var 85,7 millionar kroner i 2025 mot 79,7 millionar året før. Tal utførte årsverk er 82, eitt meir enn året før. Endringa i lønnsutgifter kan mellom anna forklarast med at budsjettjustering som følge av lønnsoppgjeret for 2024 kom seint same år, medan utbetalinga blei gjort i 2025. Dette gjaldt heile statleg sektor.


3

På overtid brukte vi 672 000 kroner, som er 252 000 kroner mindre enn året før. Forbruk på reiser var 2 468 000 kroner, som er 413 000 kroner meir enn året før.

Ramma for handlingsplanen mot speleproblem har auka dei seinare åra, og i 2025 forvalta vi oppdrag under denne for 17,7 millionar kroner. Det er 4 millionar meir enn året før.

Konsulentbruken vår er omtalt i del 4 om styring og kontroll. Vi har gått rett veg i høve til fellesføringa om å redusere bruken av slike tenester.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er finansiert gjennom avgifter, gebyr og refusjonar. Dei største inntektskomponentane er refusjonen frå Norsk Tipping og årsavgift frå stiftelsar.



Refusjonen frå Norsk Tipping har lege stabilt. Det same gjeld årsavgift frå stiftelsar, der hoppet frå 2022 til 2023 kom av prisjustering. Årsavgifta blir prisjustert på nytt i 2026.

På inntektssida hadde vi i 2025 ein nedgang for lotterigebyr samanlikna med året før, då vi hadde ein del inntekter knytt til regodkjenning av lotteriverdige formål. Samtidig ser vi ein nedgang i bingomarknaden som vi ikkje har hatt i same omfang tidlegare.

Riksrevisjonen er revisor og skal stadfeste årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Rekneskapen er per dags dato ikkje ferdig revidert, men revisjonsmeldinga er venta å vere klar i andre kvartal.

Førde, 13. mars 2026

Atle Hamar
direktør

Kontantrekneskapen

Prinsippnote til løyvings- og artskontorrapporteringa

Årsrekneskapen er utarbeidd etter retningslinjer i punkt 3.4 i «Bestemmelser om økonomistyring i staten» og rundskriv R-115 frå Finansdepartementet.

Oppstillinga av løyvings- og artskontorrapporten er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

Rekneskapen følger kalenderåret.

Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.

Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.

Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapporten er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa er i tråd med krava i punkt 3.5 i føresegnene til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med punkt 3.7.1 i føresegnene. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året. Ved overgang til nytt år blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen.

Løyvingsrapporten

Oppstillinga av løyvingsrapporten omfattar ein øvre del med løyvingsrapport og ein nedre del som viser beholdningar som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen.

Rapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Informasjonen blir stilt opp etter dei kapitla og postane som tilsynet har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser finansielle egedelar og forpliktingar tilsynet står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonnen for samla løyving viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

Artskontorrapporten

Oppstillinga av artskontorrapporten har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassa.

Rapporten viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett for disponible løyvingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Løyvingsrapportering

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeljing for 2025	Rekneskap per 31.12.25	Meir- og mindreutgift
339	Pengespill, lotterier og stiftelser	01	Driftsutgifter	A,B	114 530 000	114 191 131	338 869
339	Pengespill, lotterier og stiftelser	21	Spesielle anskaffelser	A,B	14 945 000	20 928 965	-5 983 965
315	Frivillighetsformål	21	Forskning, utredning og spesielle driftsutgifter	A,B	3 800 000	3 799 916	84
315	Frivillighetsformål	60	Tilskudd frivilligsentraler	A	266 800 000	266 799 715	285
315	Frivillighetsformål	70	Momskomp.til frivillige organisasjoner	A,B	2 925 000 000	2 649 999 881	275 000 119
315	Frivillighetsformål	71	Strømstøtteordning for frivillige organisasjoner	A	46 417 000	42 272 830	4 144 170
315	Frivillighetsformål	82	Momskomp.ved bygging av idrettsanlegg	A	369 000 000	368 934 628	65 372
325	Frivillighetsformål	21	Forskning, utredning og spesielle driftsutgifter	A,B	500 000	499 348	652
1633	Nettoordning, statlig betalt mer-verdiavgift	01	Nettoordning for mva i staten		0	9 107 605	
Sum utgiftsført					3 740 992 000	3 476 534 019	

Innteks- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeljing for 2025	Rekneskap per 31.12.25	Meir- og mindreutgift
3339	Inntekter fra spill, lotterier og stiftelser	02	Gebyr lotteri	B	8 695 000	8 086 371	-608 629
3339	Inntekter fra spill, lotterier og stiftelser	04	Registreringsgebyr stiftelser	B	220 000	188 060	-31 940
3339	Inntekter fra spill, lotterier og stiftelser	07	Inntekter ved oppdrag	B	15 765 000	21 750 000	5 985 000
5568	Sektoravgifter under Kultur- og likestillingsdepartementet	71	Årsavgift stiftelser	B	29 850 000	30 559 297	709 297
5568	Sektoravgifter under Kultur- og likestillingsdepartementet	73	Refusjon - Norsk Rikstoto og Norsk Tipping AS		47 882 000	47 882 000	0
5309	Tilfeldige inntekter	29	Tilfeldige inntekter		0	3 319 235	
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift		0	10 525 668	
Sum inntektsført					102 412 000	122 310 631	

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen

3 354 223 388

Kapitalkontoar

60075901	Noregs Bank KK / innbetalingar					118 547 670	
60075902	Noregs Bank KK / utbetalingar					-3 469 742 945	
703803	Endring i mellomvære med statskassa					-3 028 113	
Sum rapportert						0	

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen

		31.12.2025	31.12.2024	Endring
703803	Mellomvære med statskassa	-6 033 959	-3 005 846	-3 028 113

Note A: Forklaring av samla løyving

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
339 01	3 412 000	111 118 000	114 530 000
339 21	400 000	14 545 000	14 945 000
315 21		3 800 000	3 800 000
315 60		266 800 000	266 800 000
315 70		2 925 000 000	2 925 000 000
315 71	35 391 000	11 026 000	46 417 000
315 82		369 000 000	369 000 000
325 21	500 000	0	500 000

Note B: Forklaring av brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	33901	33921	31521	31570	32521
Stikkord		<i>kan overførast</i>	<i>kan overførast</i>	<i>kan overførast</i>	<i>kan overførast</i>
Meirutgift (-) / mindreutgift	338 869	-5 983 965	84	275 000 119	652
Meirutgift (-) / mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	338 869	-5 983 965	84	275 000 119	652
Meirutgift (-) / mindreutgift etter meirinntektsfullmakter	68 728	5 985 000	0	0	0
Sum grunnlag for overføring	407 597	1 035	84	275 000 119	652
Maks overførbart beløp*	5 555 900	21 642 000	3 800 000	5 695 000 000	500 000
Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda**	407 597	1 035	84	275 000 119	652

* Maksimalt beløp som kan overførast, er lønnskompensasjon pluss 5 % av årets løyving på driftspostane 01–29, unntatt post 24 eller sum av dei siste to års løyvingar for postar med stikkordet «kan overførast». Det årlege rundskrivet R-2 inneheld meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

** Det årlege rundskrivet R-2 inneheld meir informasjon om mogleg overførbart beløp.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Romartalsvedtak

Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33901. jf. Prop. 1 S (2024–2025). Løyvinga under kapittel/post 33901 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 333902 og 339904 og 556871.

Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33921, jf. Prop. 1 S (2024–2025). Løyvinga under kapittel/post 33921 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 333907.

Ubrukte meirinntekter kan reknast med ved utrekning av overførbare beløp.

Overførbart beløp

Lotteri- og stiftelsestilsynet si ubrukte løyving på kapittel/post 33901 er på til saman 407 597 kroner, og dette blir rekna som mogleg overføring til neste budsjettår ut frå 5 %-regelen. Beløpet som står på kapittel/post 33921, 31521, 31570 og 32521, kan overførast i sin heilskap, då stikkordet «kan overførast» er knytt til kapittel/post.

Note C: Oversikt over binding på framtidige års løyvingar

Avtalar om leige av kontorlokale

Attverande varigheit per 31.12	Årleg leigebeløp	Av neste års løyving	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Varigheit inntil 1 år				
Varigheit 1–5 år	7 654 000	7 654 000	26 789 000	34 443 000
Varigheit over 5 år				
Totalt	7 654 000	7 654 000	26 789 000	34 443 000

Andre vesentlege leigeavtalar*

Attverande varigheit per 31.12	Årleg leigebeløp	Av neste års løyving	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Varigheit inntil 1 år				
Varigheit 1–5 år	6 250 000	6 250 000	25 000 000	31 250 000
Varigheit over 5 år				
Totalt	6 250 000	6 250 000	25 000 000	31 250 000

Vesentlege avtalar om kjøp av tenester**

Attverande varigheit per 31.12	Årleg beløp	Av neste års løyving	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Varigheit inntil 1 år	2 250 000	2 250 000		2 250 000
Varigheit 1–5 år	15 507 000	15 507 000		78 235 000
Varigheit over 5 år				
Totalt	17 757 000	17 757 000		80 485 000

*Andre vesentlege leigeavtalar gjeld programvarelisensar med varigheit på 1–5 år. Avtalane har 1–3 månaders oppseiing og er utan sluttdato. Vi har sett ei vesentlegheitsgrense på 200 000 kroner per avtale.

**Avtalar gjeld kjøp av tenester med 1–3 månaders oppseiing, men utan sluttdato. Vi har sett ei vesentlegheitsgrense på 200 000 kroner per avtale.

Artskontorrapportering

	31.12.2025	31.12.2024
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen		
Innbetalinger frå gebyr	8 274 431	13 434 252
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	4 163 611	4 100 000
Sals- og leigeinnbetalningar	0	678 700
Andre innbetalningar	18 067 424	13 662 589
Sum innbetalningar frå drift	30 505 466	31 875 541
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen		
Utbetalningar til lønn	86 171 517	79 697 493
Andre utbetalningar til drift	46 724 599	50 973 730
Sum utbetalningar til drift	132 896 115	130 671 223
Netto rapporterte driftsutgifter	102 390 649	98 795 682
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen		
Innbetaling av finansinntekter	53 415	0
Sum investerings- og finansinntekter	53 415	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen		
Utbetaling til investeringar	13 493 108	4 720 393
Utbetaling av finansutgifter	696	2 604
Sum investerings- og finansutgifter	13 493 804	4 722 997
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	13 440 389	4 722 997
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	81 531 198	81 688 722
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	81 531 198	81 688 722
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		
Utbetalningar av tilskot og stønader	3 321 507 334	3 345 952 730
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	3 321 507 334	3 345 952 730
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel		
Gruppelivsforsikring, konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)	165 723	153 041
Arbeidsgivaravgift, konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	10 525 668	9 878 641
Nettoføringsordning for meirverdiavgift, konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	9 107 605	8 594 808
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel	-1 583 787	-1 436 874
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen	3 354 223 388	3 366 345 813
Oversikt over mellomvære med statskassa		
Eigedelar og gjeld	31.12.2025	31.12.2024
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-3 309 953	-2 710 011
Skuldige offentlege avgifter	-359 229	-280 991
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse	-2 149 257	0
Mottatte forskotsbetalningar	-70 979	0
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalt lønn, m.m.)	0	3 699
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalningar	-144 540	-18 543
Sum mellomvære med statskassa	-6 033 959	-3 005 846

Verksemdsrekneskapen

Prinsipp for oppstilling av verksemdsrekneskapen

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Opningsbalanse

Ved utarbeiding av opningsbalansen er immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel verdsette til gjenanskaffingsverdi. Der det ikkje har vore mogleg å fastsette gjenanskaffingsverdi, er verdien fastsett ut frå historisk anskaffingskost og deretter justert for slitasje i tråd med antatt levetid for eigedelen. Eigeninnsats knytt til utvikling av immaterielle eigedelar inngår ikkje i verdsettinga av desse.

Gjenanskaffingsverdi for ein eigedel er det beløpet det vil koste dersom ein skulle ha anskaffa eigedelen i dag, med same kvalitet, standard og funksjonalitet som eksisterande eigedel.

Omløpsmiddel er verdsette til verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er verdsett til pålydande.

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter blir resultatførte når dei er opptente. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Inntekter frå løyvingar og inntekter frå tilskot og overføringar

Inntekter frå løyvingar og inntekter frå tilskot og overføringar blir resultatførte etter prinsippet om motsett samanstilling. Dette inneber at dei blir resultatførte i takt med utføring av aktivitetane som er finansierte av desse inntektene, det vil seie i same periode som kostnadene kjem til (motsett samanstilling).

Bruttobudsjetterte verksemdar har ei forenkla praktisering av prinsippet om motsett samanstilling ved at inntekt frå løyvingar blir berekna som differansen mellom kostnader i perioden og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetar i perioden blir null.

Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same periode som tilhøyrande inntekter. Utgifter som blir finansierte med inntekter frå løyvingar og inntekter frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i same periode som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er forbrukte.

3

Pensjonar

SRS 25 Ytingar til tilsette bruker ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemder skal ikkje balanseføre netto pensjonsforplikingar for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK). Verksemda resultatfører arbeidsgivarandelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK hadde vore basert på ein innskotsplan.

Pensjonspremiemodellen til SPK for statlege verksemder er verksemdsspesifikk og hendingbasert. Det betyr at han blir berekna ut frå forholda i den enkelte verksemda og tar omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsbestanden til verksemda. Medlemsandelen på 2 prosent av lønnsgrunnlaget er uendra.

Leigeavtalar

Lotteri- og stiftelsestilsynet har valt å nytte forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel er varige og betydelege eigedelar som verksemda disponerer. Varige eigedelar vil seie eigedelar med utnyttbar levetid på 3 år eller meir. Betydelege eigedelar vil seie eigedelar med anskaffingskost på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmiddel blir balanseførte til anskaffingskost redusert for avskrivningar.

Kontorinventar og datamaskiner med utnyttbar levetid på 3 år eller meir er balanseførte som egne grupper.

Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved bruksendring, dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Eigenutvikling av programvare

Kjøp av tenester til utvikling av programvare er balanseført. Kostnader for bruk av egne tilsette til utvikling av programvare er ikkje balanseførte.

Klassifisering og vurdering av omløpsmiddel og kortsiktig gjeld

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel / langsiktig gjeld. Omløpsmiddel blir vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetnad til forventta tap. Avsetnad til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Statens kapital

Statens kapital utgjer nettobeløpet av verksemda sine eigedelar og gjeld, og går fram av rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga. Bruttobudsjetterte verksemder presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskot. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja avrekna med statskassa.

3

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten blir presenterte etter periodisert prinsipp.

Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten

Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten blir presenterte etter periodisert prinsipp. Tilskot blir rekneskapsførte når vedtak er fatta og dei er godkjende for utbetaling.

Statlege rammevilkår

Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er derfor ikkje inkludert postar i balanse eller resultatrekneskap som reflekterer alternative netto forsikringskostnader eller plikter.

Konsernkontoordninga til staten

Statlege verksemdar er omfatta av konsernkontoordninga til staten. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot verksemda sine oppgjerskontoar i Noregs Bank.

Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilførte likvidar gjennom året. Verksemdene har ein trekkrett på konsernkontoen sin. For bruttobudsjetterte verksemdar blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen i Noregs Bank ved overgangen til eit nytt rekneskapsår.

Resultatrekneskap

	Note	31.12.2025
Driftsinntekter		
Inntekt frå løyvingar	1	111 838 970
Inntekt frå tilskot og overføringar	1	4 163 611
Inntekt frå gebyr	1	7 876 020
Andre driftsinntekter	1	18 067 424
Sum driftsinntekter		141 946 024
Driftskostnader		
Lønnskostnader	2	85 692 025
Avskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	3,4	10 436 294
Andre driftskostnader	5	45 870 424
Sum driftskostnader		141 998 743
Driftsresultat		-52 719
Finansinntekter og finanskostnader		
Finansinntekter	6	53 415
Finanskostnader	6	696
Sum finansinntekter og finanskostnader		52 719
Resultat av aktiviteter i perioden		0
Avrekningar og disponeringar		
Sum avrekningar og disponeringar		0
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		
Avgifter og gebyr direkte til statskassa	8	81 538 108
Avrekning med statskassa for innkrevjingsverksemd		81 538 108
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		
Tilskot til andre	9	3 321 507 334
Avrekning med statskassa for tilskotsforvaltning		3 321 507 334
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		0

Balanse

Eigedelar	Note	31.12.2025	01.01.2025
A. Anleggsmiddel			
I Immaterielle eigedelar			
Programvare og liknande rettar	3	29 563 090	21 500 288
Immaterielle eigedelar under utføring	3	189 843	1 719 792
Sum immaterielle eigedelar		29 752 933	23 220 079
II Varige driftsmiddel			
Maskiner og transportmiddel	4	671 409	756 880
Driftslausøyre, inventar, verktoy og liknande	4	7 337 279	7 721 647
Sum varige driftsmiddel		8 008 688	8 478 528
III Finansielle anleggsmiddel			
Sum finansielle anleggsmiddel		0	0
Sum anleggsmiddel		37 761 622	31 698 607
B. Omløpsmiddel			
I Behaldning av varer og driftsmateriell			
Sum behaldning av varer og driftsmateriell		0	0
II Fordringar			
Kundefordringar	10	275 205	663 416
Andre fordringar	12	2 017 430	1 243 170
Sum fordringar		2 292 635	1 906 586
III Bankinnskot, kontantar og liknande			
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		0	0
Sum omløpsmiddel		2 292 635	1 906 586
Sum eigedelar, drift		40 054 257	33 605 193
IV Fordringar ved innkrevjingsverksemd og andre overføringar			
Fordringar ved innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	8	38 790	40 690
Sum fordringar ved innkrevjingsverksemd og andre overføringar		38 790	40 690
Sum eigedelar		40 093 047	33 645 883

Statens kapital og gjeld	Note	31.12.2025	01.01.2025
C. Statens kapital			
I Verksemdskapital			
Sum verksemdskapital		0	0
II Avrekningar			
Avrekna med statskassa (bruttobudsjettet)	7	20 188 286	16 645 767
Sum avrekningar		20 188 286	16 645 767
Sum statens kapital		20 188 286	16 645 767
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktingar			
Sum avsetningar for langsiktige forpliktingar		0	0
II Anna langsiktig gjeld			
Sum anna langsiktig gjeld		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		3 322 569	286 140
Skuldige skattetrekk		3 309 953	2 710 011
Skuldige offentlege avgifter		1 903 907	1 829 182
Avsette feriepengar		7 820 601	7 289 639
Mottatt forskotsbetaling	11	70 979	0
Anna kortsiktig gjeld	13	3 476 752	4 885 144
Sum kortsiktig gjeld		19 904 760	17 000 116
Sum gjeld		19 904 760	17 000 116
Sum statens kapital og gjeld, drift		40 093 047	33 645 883
IV Gjeld ved tilskotsforvaltning og andre overføringar			
Sum gjeld ved tilskotsforvaltning og andre overføringar		0	0
Sum statens kapital og gjeld		40 093 047	33 645 883

Note 1: Driftsinntekter

	31.12.2025
Inntekt frå løyvingar*	
Inntekt frå løyvingar	111 838 970
Sum inntekt fra løyvingar	111 838 970
Inntekt frå tilskot og overføringar	
Anleggsregisteret	4 100 000
Tilskot frå andre statlege verksemdar	63 611
Sum inntekt fra tilskot og overføringar	4 163 611
Inntekt frå gebyr	
Gebyr frå lotteri	7 711 490
Registreringsgebyr frå stiftelsar	164 530
Sum inntekt frå gebyr	7 876 020
Sals- og leigeinntekter	
Sum sals- og leigeinntekter	0
Andre driftsinntekter	
Gevinst ved avgang av anleggsmiddel	417 424
Handlingsplan mot speleproblem	17 650 000
Sum andre driftsinntekter	18 067 424
Sum driftsinntekter	141 946 025

* Etter dei statlege rekneskapsstandardane blir inntekt frå løyvingar for bruttobudsjetterte verksemdar rekna som differansen mellom kostnader og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda i perioden. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetar i perioden blir null.
Informasjon om mottekne løyvingar står i oppstillinga av løyvingsrapporteringa.

Note 2: Lønnskostnader, årsverk og andre ytingar

	31.12.2025
Lønn	64 300 916
Feriepengar	8 002 509
Arbeidsgivaravgift	10 473 211
Pensjonskostnader*	5 305 126
Lønn balanseført ved eigenutvikling av anleggsmiddel (-)**	0
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-4 399 554
Andre ytingar	2 009 817
Sum lønnskostnader	85 692 025
Tal utførte årsverk	82
Lønn og andre ytingar til verksemdsleiar	1 651 150
Atle Hamar	

Lønn inneheld også lønnsoppgjer for 2024, som vart utbetalt i 2025.

Det er ikkje inngått avtalar med verksemdsleiar om vederlag ved opphøyr eller endring av arbeidsforholdet som kan gi vesentlege framtidige forpliktingar. Det er heller ikkje inngått andre særskilde avtalar til fordel for verksemdsleiar.

* Premiesatsen for arbeidsgivarandelen utgjorde i 2025 8,20 prosent (arbeidsgivarandel av pensjonspremie på artskonto 542 / pensjonsgrunnlaget i 2025 rapportert til SPK). For rekneskapsåret 2024 utgjorde premiesatsen 8,09 prosent.

** Inneheld lønn og sosiale kostnader (feriepengar, arbeidsgivaravgift og pensjonskostnader)."

Note 3: Immaterielle egedelar

	Programvare og liknande rettar	Immaterielle egedelar under utføring	Sum
Anskaffingskost 01.01	60 968 479	1 719 792	62 688 271
Tilgang i året	13 500 647	8 899 876	22 400 523
Vederlagsfri overføring av tilskudd.no frå DFØ 01.01*	4 451 283	0	4 451 283
Avgang anskaffingskost i året (-)	0	0	0
Frå immaterielle egedelar under utføring til anna gruppe i året	0	-10 429 824	-10 429 824
Anskaffingskost	78 920 409	189 843	79 110 252
Akkumulerte nedskrivningar 01.01	0	0	0
Nedskrivningar i året	0	0	0
Akkumulerte avskrivningar 01.01	39 468 191	0	39 468 191
Ordinære avskrivningar i året	8 182 802	0	8 182 802
Akkumulerte avskrivningar 01.01, tilskudd.no*	1 706 325	0	1 706 325
Akkumulerte avskrivningar avgang i året (-)	0	0	0
Balansført verdi 31.12.2025	29 563 090	189 843	29 752 934
Avskrivingsssatsar (levetider)	5 år / lineært	Inga avskrivning	
Avhending av immaterielle egedelar i 2025:			
Salssum ved avgang, anleggsmiddel	0	0	0
- Bokført verdi av avhenda anleggsmiddel	0	0	0
= Rekneskapsmessig gevinst/tap	0	0	0

* Vederlagsfri overføring av tilskudd.no frå DFØ til Lotteri- og stiftelsestilsynet 01.01.2025.

Note 4: Varige driftsmiddel

	Maskiner og transportmiddel	Driftslausøyre, inventar, verktøy o.l.	Sum
Anskaffingskost 01.01	1 497 154	14 434 831	15 931 986
Tilgang i året	0	1 783 652	1 783 652
Avgang anskaffingskost i året (-)	0	0	0
Frå anlegg under utføring til anna gruppe i året	0	0	0
Anskaffingskost	1 497 154	16 218 484	17 715 638
Akkumulerte nedskrivningar 01.01	0	0	0
Nedskrivningar i året	0	0	0
Akkumulerte avskrivningar 01.01	740 274	6 713 184	7 453 458
Ordinære avskrivningar i året	85 471	2 168 020	2 253 492
Akkumulerte avskrivningar avgang i året (-)	0	0	0
Balansført verdi 31.12.2025	671 409	7 337 279	8 008 688
Avskrivingsssatsar (levetider)	3–15 år lineært	3–15 år lineært	
Avhending av varige driftsmiddel i 2025:			
Salssum ved avgang, anleggsmiddel	0	417 424	417 424
- Bokført verdi av avhenda anleggsmiddel	0	0	0
= Rekneskapsmessig gevinst/tap	0	417 424	417 424

Note 5: Andre driftskostnader

	31.12.2025
Husleige	7 653 935
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	263 721
Andre kostnader til drift av eigendom og lokale	965 909
Leige av maskiner, inventar og liknande	8 720 472
Mindre innkjøp av utstyr	285 087
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr m.m.	226 592
Kjøp av konsulenttenester	3 111 049
Kjøp av andre framande tenester	19 285 283
Reiser og diett	2 468 475
Tap og liknande	164 988
Driftskostnader elles	2 724 912
Sum andre driftskostnader	45 870 424

Tilleggsinformasjon om operasjonelle leigeavtalar

Attverande varigheit	Type eigedel		Sum
	Immaterielle eigedelar	Tomter, bygningar og annan fast eigendom	
Utbetaling til investeringar			
Varigheit inntil 1 år			0
Varigheit 1–5 år	8 720 472	7 653 935	16 374 407
Varigheit over 5 år			0
Kostnadsført leigebetaling for perioden	0	0	0

Verksemda har husleigeavtale med varigheit på 4,5 år på rapporteringstidspunktet. Årleg husleige-kostnad er 7 653 935 kroner. Leige av datautstyr og system utgjer 8 720 472 kroner i 2025.

Note 6: Finansinntekter og finanskostnader

	31.12.2025
Finansinntekter	
Valutagevinst (agio)	53 415
Sum finansinntekter	53 415
Finanskostnader	
Rentekostnad	696
Sum finanskostnader	696

Note 7 A: Samanheng mellom avrekna med statskassa og mellomvære med statskassa (bruttobudsjetterte verksemder)

Forklaring til at resultat for perioden ikkje er lik endring i avrekna med statskassa i balansen (kongruensavvik)

	31.12.2025	01.01.2025	Endring*
Avrekna med statskassa i balansen	20 188 286	16 645 767	3 542 519

Bakgrunnen for at resultatet for perioden ikkje er lik endring i avrekna med statskassa i balansen for brutto-budsjetterte verksemder, er at konsernkontoane i Noregs Bank inngår som ein del av avrekna med statskassa i balansen. I tillegg blir det tatt omsyn til enkelte transaksjonar som ikkje er knytte til drifta av verksemda, og transaksjonar som ikkje medfører ut- eller innbetaling. Nedanfor står dei ulike postane som er årsaka til at endring i avrekna med statskassa i balansen ikkje er lik resultatet for perioden.

Endring i avrekna med statskassa

Konsernkontoar i Noregs Bank

Konsernkonto-utbetaling			-3 469 742 945
Konsernkonto-innbetaling			118 547 670
Netto trekk på konsernkonto			-3 351 195 275

Innbetalingar og utbetalingar som ikkje inngår i drifta av verksemda (gjennomstrøymingspostar)

- Innbetaling frå innkrevjingsverksemd og andre overføringar			-81 538 108
+ Utbetaling til tilskotsforvaltning og andre overføringar			3 321 507 334

Bokføringar som ikkje går over bankkonto, men direkte mot avrekning med statskassa

+ Inntektsført frå løyving (underkonto 1991)			111 838 970
- Gruppelivs-/arbeidsgivaravgift (underkonto 1985 og 1986)			-10 691 391
+ Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift (underkonto 1987)			9 280 909

Andre avstemmingspostar

Vederlagsfri overføring av tilskudd.no frå DFØ**			-2 744 958
<i>Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto</i>			-3 542 519
Resultat av aktivitetar i perioden før avrekning mot statskassa			0

Sum endring i avrekna med statskassa *			-3 542 519
---	--	--	-------------------

* Sum endring i avrekna med statskassa skal stemme med endring i perioden ovanfor.

** Vederlagsfri overføring av tilskudd.no frå DFØ til Lotteri- og stiftelsestilsynet 01.01.2025.

Note 7 B: Samanheng mellom avrekna med statskassa og mellomvære med statskassa (bruttobudsjetterte verksemdar)

Skilnaden mellom avrekna med statskassa og mellomvære med statskassa

	31.12.2025 Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	31.12.2025 Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Skilnad
Immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel			
Immaterielle eigedelar	29 752 933	0	29 752 933
Varige driftsmiddel	8 008 688	0	8 008 688
<i>Sum</i>	37 761 622	0	37 761 622
Omløpsmiddel			
Kundefordringar	275 205	0	275 205
Andre fordringar	2 017 430	0	2 017 430
Fordringar ved innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	38 790	0	38 790
<i>Sum</i>	2 331 425	0	2 331 425
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-3 322 569	0	-3 322 569
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-3 309 953	-3 567 214	257 261
Skuldige offentlege avgifter	-1 903 907	-359 229	-1 544 677
Avsette feriepengar	-7 820 601	0	-7 820 601
Mottatt forskotsbetaling	-70 979	-70 979	0
Anna gjeld til tilsette	-3 160 241	0	-3 160 241
Avsett pensjonspremie til SPK, arbeidsgivarandel	0	-1 891 996	1 891 996
Anna kortsiktig gjeld	-316 511	-144 540	-171 971
<i>Sum</i>	-19 904 760	-6 033 959	-13 870 802
Sum	20 188 286	-6 033 959	26 222 245

Mellomvære med statskassa består av kortsiktige fordringar og gjeld som etter økonomiregelverket er rapportert til statsrekneskapen (S-rapport). Avrekna med statskassa viser finansieringa av verksemda sine netto eigedelar og gjeld.

Note 8: Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten

Innkrevjingsverksemd presentert etter same prinsipp som den er bokført etter

	31.12.2025
Avgifter og gebyr direkte til statskassa	
Skattar og avgifter, renteinntekter og utbyte m.m.	81 538 108
Sum avgifter og gebyr direkte til statskassa	81 538 108
Fordringar ved innkrevjingsverksemd og andre overføringer	
Fordringar til pålydande	38 790
Sum fordringar ved innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	38 790

Note 9: Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

Tilskotsforvaltning presentert etter same prinsipp som den er bokført etter

	31.12.2025
Tilskot til andre	
Utbetaling av tilskot til andre	3 321 507 334
Sum tilskot til andre	3 321 507 334

Gjeld ved tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

Verksemda har ingen vedtatte tilskot som ikkje er utbetalte per 31.12.2025.

Note 10: Kundefordringer

	31.12.2025	01.01.2025
Kundefordringar til pålydande	275 205	663 416
Sum kundefordringar	275 205	663 416

Note 11: Kundefordringer

	31.12.2025	01.01.2025
Mottatt forskotsbetaling (gjeld)		
Tilskot ARP	70 979	0
Sum mottatt forskotsbetaling	70 979	0

Note 12: Andre kortsiktige fordringar

	31.12.2025	01.01.2025
Forskotsbetalt leige	1 517 074	0
Andre forskotsbetalte kostnader	151 591	868 741
Andre fordringar	348 765	374 429
Sum andre kortsiktige fordringar	2 017 430	1 243 170

Note 13: Anna kortsiktig gjeld

	31.12.2025	01.01.2025
Skuldig lønn	0	-3 699
Anna gjeld til tilsette	3 160 241	2 885 838
Avsetting for lønnsoppgjer*	0	1 175 208
Påkomne kostnader	316 511	827 796
Sum anna kortsiktig gjeld	3 476 752	4 885 144

* Sidan lønnsoppgjeret i staten for 2024 ikkje var ferdigstilt før i slutten av november 2024, fekk ikkje verksemda utbetalt resultatet av lønnsoppgjeret i 2024. Verksemda gjorde derfor eit estimat for lønnsavsettinga for det sentrale lønnsoppgjeret (lokale og sentrale tillegg) per 31.12.2024. Avsettinga inkluderte også verksemda sitt eige bidrag til lønnsforhandlingar utover det som blei forhandla fram sentralt.



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00
postmottak@lottstift.no
lottstift.no

LOTTERI- OG STIFTELSESTILSYNET
Postboks 800
6805 FØRDE

Revisjon av årsregnskapet for Lotteri- og Stiftelsestilsynet 2025

Vedlagt følger revisjonsberetningen for årsregnskapet til Lotteri- og Stiftelsestilsynet for regnskapsåret 2025.

Riksrevisjonen har revidert virksomhetens årsregnskapsoppstillinger i samsvar med lov om Riksrevisjonen (riksrevisjonsloven) og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon.

Revisjonsberetningen inneholder Riksrevisjonens konklusjon om den gjennomførte revisjonen av årsregnskapsoppstillingene, samt vår uttalelse om den øvrige informasjonen i årsrapporten. Denne revisjonsberetningen omfattes ikke av bestemmelsen om utsatt offentlighet, jf. rrevl. § 7-4.

Revisjonsberetningen skal publiseres på virksomhetens nettsider sammen med årsrapporten, jf. bestemmelser om økonomistyring i staten punkt 2.3.3.

Vedlegg: Revisjonsberetning 2025

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén
ekspedisjonssjef

Carola Nensén
avdelingsdirektør

Brevet er godkjent og ekspedert digitalt.

Liste over kopimottakere:

KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET

LOTTERI- OG STIFTELSESTILSYNET
Org. Nr.: 982391490

Riksrevisjonens beretning

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert årsregnskapsoppstillingene for Lotteri- og Stiftelsestilsynet for regnskapsåret 1. januar til 31. desember 2025. Årsregnskapsoppstillingene består av oppstillingene av bevilgnings- og artskontorrapporteringen, virksomhetsregnskapet og notene, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Oppstillingene av bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at det er rapportert netto 3.354.223.388 kroner til bevilgningsregnskapet. Oppstillingen av virksomhetsregnskapet viser driftsinntekter på 141.946.024 kroner og driftskostnader på 141.998.743 kroner, avgifter og gebyrer direkte til staten på 81.538.108 kroner, og tilskudd til andre på 3.321.507.334 kroner.

Etter Riksrevisjonens mening

- oppfyller årsregnskapsoppstillingene gjeldende krav,
- gir oppstillingene av bevilgnings- og artskontorrapporteringen et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for regnskapsåret 2025 og kapitalposter per 31. desember 2025, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten, og
- gir oppstillingen av virksomhetsregnskapet et dekkende bilde av virksomhetens resultater for regnskapsåret 2025, samt eiendeler, gjeld og statens kapital per 31. desember 2025, i samsvar med de statlige regnskapsstandardene (SRS).

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov om Riksrevisjonen (riksrevisjonsloven) og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til loven og standardene er beskrevet nedenfor under *Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapsoppstillingene*. Vi er uavhengige av virksomheten i samsvar med kravene i lov om Riksrevisjonen og ISSAI 130 Code of Ethics utstedt av International Organisation of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) etikkregler, og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for informasjonen i årsrapporten. Øvrig informasjon omfatter ledelseskomentarer (del VI) og annen øvrig informasjon i årsrapporten (del I-V).

Riksrevisjonens konklusjon ovenfor om årsregnskapsoppstillingene dekker ikke informasjonen i den øvrige informasjonen i årsrapporten.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapsoppstillingene er det vår oppgave å lese øvrig informasjon i årsrapporten. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsregnskapsoppstillingene og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapsoppstillingene, eller hvorvidt den øvrige informasjonen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom den øvrige informasjonen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at den øvrige informasjonen i årsrapporten:

- er konsistent med årsregnskapsoppstillingene og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende regelverk

Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten og de statlige regnskapsstandardene. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig intern kontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapsoppstillingene

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapsoppstillingene som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov om Riksrevisjonen og ISSAI-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapsoppstillingene.

Som del av en revisjon i samsvar med lov om Riksrevisjonen og ISSAI-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapsoppstillingene, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.

- opparbeider vi oss en forståelse av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av virksomhetens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige, og om tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapsoppstillingene får indikasjoner på vesentlige brudd på bevilgningsreglementet, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på reglementet.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapsoppstillingene, og hvorvidt årsregnskapsoppstillingene gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten og de statlige regnskapsstandardene.

Vi kommuniserer med ledelsen blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunktet for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i intern kontroll som vi avdekker gjennom revisjonen. Vi informerer det overordnede departementet om funn og svakheter.

Oslo, 22. mai 2026

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén
ekspedisjonssjef

Carola Nensén
avdelingsdirektør

Beretningen er godkjent og ekspedert digitalt.